
Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

**St. meld. nr. 33.
(1970—71)**

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

INNHOLD

	Side
Kap. I. Organisasjon og verksemد	5
Rådets samansetjing 1969—72	5
Vedtekter for Norsk kulturfond	5
Retningsliner for bruken av midlar frå Norsk kulturfond	6
Reglement for Norsk kulturråd	6
Møte i Arbeidsutvalet	6
Møte i Rådet	7
Andre møte, konferansar og seminar	7
Utvål og utgreiingar	7
Tilrådingar og fråsegner frå Norsk kulturråd til Kyrkje- og under- visningsdepartementet	9
Samarbeid med andre institusjonar	9
Reiser og representasjon	10
Norsk kulturråds ærespris 1970	11
Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet	12
Kap. III. Tilskott	14
Innleiing	14
Søknadsoversikt pr. 31. desember 1970	14
Litteratur	14
Musikk	20
Biletkunst og brukskunst	25
Film	30
Kulturvern	31
Kulturbrygg	35
Tidsskrift og periodiske publikasjonar	37
Andre formål	38
Kap. IV. Administrasjon	40
Kap. V. Økonomisk samandrag	41
Landsdelsoversyn	42
<i>Vedlegg nr. 1—12</i>	68

St. meld. nr. 33. (1970—71)

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

*Tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 12. februar 1971,
godkjend ved kongeleg resolusjon same dag.*

(Målбoren av statsråd Kjell Bondevik.)

I St. prp. nr. 130 for 1964—65 Om vedtekter for Norsk kulturfond og retningsliner for bruken av fondsmidlar, heiter det i punkt 1, Vedtekter for Norsk kulturfond, § 5, at «Kirke- og undervisningsdepartementet skal hvert år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds virksomhet i foregående budsjettsår».

Norsk kulturråd har sendt årsmelding, vedtatt i møte den 26. og 27. januar 1971, til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Meldinga har fem kapittel og eit oversyn over korleis tilskotta fordeler seg på dei ymse landsdelar. Rådet gjer greie for dei retningslinene som ligg til grunn for arbeidet i rådet, dei røynslene som er gjorde og om korleis midlane frå fondet i 1970 er fordelte.

Hovudfordelinga av fondsmidlane blir fastsett ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå rådet, medan rådsvedtak om tilskott frå dei avsette rådveldesummane blir sendt departementet til godkjenning. Denne ordninga har mellom anna kome i stand for å samordne stønadstiltak frå fondet med løvingane over statsbudsjettet.

Når det gjeld administrasjonen, har det i 1970 vore 9 fast organiserte stillingar (jfr. Stortingsvedtak av 1. desember 1970 og St. prp. nr. 1 for 1969—70 kap. 379), medan direktøren er tilsett på åremål.

Rådet har engasjert ekstrahjelp på deltidsavtale til hjelpe for bokhaldar/kasserar.

Kulturrådet har i samsvar med retningslinene i arbeid fleire særskilde og faste utval. Ymse tilrådingar og fråsegner er lagde fram for Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Rådet meiner ein må freiste å kome fram til ei formulering av ein total kulturpolitikk, bygd på eit heilskapssyn og med ei innbyrdes

prioritering. I årsmeldinga blir det vidare sagt m. a. at etter sin idé og sine vedtekter bør Norsk kulturråd spele ei aktiv rolle ved utforminga av denne politikken, både ved at Kulturfondet bør kunne finansiere naudsynte utgreiingar og ved at Rådet gir råd til statsmaktene om konkrete tiltak.

Departementet er merksam på at ein til kvar tid må freiste å sjå den kulturelle målsettinga ut frå eit heilskapssyn. I den samanheng er det viktig å ha aktuelle data om situasjonen innan dei ulike feltene og så godt og rikeleg materiale i form av utgreiingar m. v. som råd er.

Når det gjeld innsamling av data har Kyrkje- og undervisningsdepartementet kome i eit godt samarbeid med Statistisk Sentralbyrå. Ein del av dei statistiske opplysningane som er henta inn i samband med folketeljinga i 1970 vil såleis supplere det materiale ein alt har. Kyrkje- og undervisningsdepartementet vil på dette grunnlag gå vidare med det kartleggingsarbeidet av kulturaktivitetar som vart starta opp for ei tid sidan.

Men like viktig som innsamling av data og kartleggingsarbeid er det å vurdere materiale, greie ut ulike sider ved sakene og å kome med framlegg om retningsliner og målsetting. Departementet ser det slik at Norsk kulturråd lyt spele ei sentral rolle når det gjeld dette arbeidet. Under sitt arbeid med å utforme målsetting og handlingsprogram for kulturpolitikken vil difor Kyrkje- og undervisningsdepartementet dra all den nette det kan av dei råd Norsk kulturråd kan gje. Departementet vil elles streke under at Kulturrådet alt har nådd å yte særverdfulle tilskott til arbeidet med ei rad ulike kulturspørsmål.

Rådet gjer merksam på at det er ei hovud-

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

retningsline ved vurdering av søknader og tilråding om stønad at løvingane til Kulturfondet representerer eit særskilt tiltak for styrking av norsk kultur og kulturliv.

Likeeins blir det understreka at løvingane frå Kulturfondet må kome i tillegg til løyvngane til kulturformål over statsbudsjettet, og at tiltak som har faste årlege tilskott over statsbudsjettet, berre kan få tilskott av fondsmidlar i særlege tilfelle. Når det gjeld samarbeidet med Utanriksdepartementet, viser rådet til årsmeldingane for 1968 og 1969. I desse vart det gjort greie for retningsliner for arbeidet for norsk musikkliv og biletkunst i utlandet.

Departementet meiner det er viktig at det er god kontakt mellom Kulturrådet og departementet i tilskottssaker og at dei blir vurderte nøyne i høve til statsbudsjettet. Særlig gjeld dette spørsmål om tilskott til tiltak som er meinte å vere årlege og som rådet difor etter ein prøveperiode tenkjer seg skal førast over på statsbudsjettet.

Departementet gav i februar 1967 samtykke til at tilskottet til Rikskonsertane i ein 3-års prøveperiode frå 1. januar 1968 til 1. januar 1971 vart gitt av Norsk kulturfond. Ved kongeleg resolusjon av 15. januar 1971 er det vedtatt at prøveperioden for Rikskonsertane skal utvidast med 1 år, til 1. januar 1972. Det er sett av kr. 2 515 000 til verksemda i 1971. (I 1970 kr. 1 650 000.)

Til saman har Rikskonsertane i 1970 hatt 1 241 konserter og forestillingar (1969 : 992) med 251 kunstnarar og ensemble på 269 stader (1969 : 218). Skolekonsertane er gjevne på 250 skolar frå barne- og ungdomsskolar til gymnas, yrkes- og lærarskolar. Hovudvekta har vore lagd til dei tre forsøksområda, Sandefjord, Namdalen og Rogaland. Det er i 1970 også arrangert ein turné til spesialskolane.

Når det gjeld innkjøpsskipnaden for ny norsk skjønnlitteratur, viser departementet til Stortingsmelding nr. 16 for 1968—69 Norsk kulturfond — Innstilling om Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, som vart drøfta i Stortinget 4. februar 1969. I kongeleg resolusjon av 27. februar 1970 er det sett av kr. 3 000 000 til denne hovudposten på budsjettet (mot kr. 3 200 000 i 1969). Ein kan elles opplyse at Kyrkje- og undervisningsdepartementet har hatt eit møte med representantar for forlaga om innkjøpsskipnaden og at Norsk kulturråd etter dette er gått inn i konkrete drøftingar med forlaga om moglege endringar.

For 1970 vart det løyvt 21 mill. kroner til Norsk kulturfond. Løyvinga vart ved kongeleg resolusjon av 30. januar 1970 fordelt til desse formåla:

Litteratur	kr. 5 000 000
Musikk	» 2 500 000
Biletkunst og brukskunst	» 2 400 000
Film	» 500 000
Kulturvern	» 2 500 000
Kulturbygg	» 6 100 000
Tidsskrift	» 400 000
Utgreningar, utval	» 200 000
Andre formål	» 700 000
Administrasjon	» 700 000
<hr/>	
	kr. 21 000 000

Kyrkje- og undervisningsdepartementet

til rår :

Avtrykk av tilrådinga frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 12. februar 1971 om Norsk kulturfond — Årsmelding 1970, blir sendt Stortinget.

Vedlegg.**Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.****Kap. I. Organisasjon og verksemd.**

Norsk kulturråd legg med dette fram si sjette årsmelding, i samsvar med det som er fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St. prp. nr. 130, III, C, Om anvendelse av Kulturfondets midler):

«Ved begynnelsen av hvert budsjettår fremmes melding til Stortinget om Kulturfondets virksomhet i det foregående år.»

Rådets samansetjing 1969—72.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med St. prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65. Det har 7 medlemmer oppnemnde ved kongeleg resolusjon og 4 medlemmer oppnemnde av Stortinget, alle for 4 år.

Oppnemnde ved kongeleg resolusjon for 1969—72:

Ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen, Oslo.
Varamann: Stortingsmann Lars Roar Langslet, Oslo.

Pianisten Kjell Bækkelund, Oslo.

Varamann: Komponisten Egil Hovland, Fredrikstad.

Teatersjef Hans Heiberg, Oslo.

Varamann: Forfattaren Thorbjørn Egner, Oslo.

Museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad, Lil lehammer.

Varamann: Førstekonservator Jan Hendrich Lexow, Stavanger.

Målarinna Eli Silseth, Oslo.

Varamann: Skodespelarinna Sølvi Wang, Oslo.
Forfattarinna Halldis Moren Vesaas, Ytre Vinje.

Varamann: Redaktør Per Håland, Bergen.
Skolestyrar Bjørn Aarseth, Karasjok.

Varamann: Førstekonservator Kåre Landmark, Tromsø.

Oppnemnde av Stortinget:

Statsråd Kjell Bondevik, Bergen.*)
Varamann: Lektor Olaf Kortner, Oslo.*)

Professor Edvard Bull, Trondheim.

Varamann: Direktør Kjølv Egeland, Stavanger.

Sjefsekretær Bjartmar Gjerde, Oslo.

*) Lektor Olaf Kortner er siden 1. oktober 1965 fast medlem av Rådet, då statsråd Bondevik har meldt frå til Stortingets presidentskap at han som statsråd ikkje møter i Rådet.

Varamann: Husmor Marie Lovise Vidnes Johansen, Hareid.
Rektor Håkon Stenstadvold, Oslo.
Varamann: Forfattarinna Elisabeth Dored, Berloga pr. Halden.

Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon:

Ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen.

Nestformann oppnemnd ved kongeleg resolusjon:
Museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad.

**Vedtekter for Norsk kulturfond,
fastsette av Stortinget 19. juni 1965.
(Omsette fra St. prp. nr. 130, 164—65.)**

§ 1.*)

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

§ 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg skal få del i kulturgoda.

§ 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet, og disponert ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningsliner som Stortinget har fastsett.

§ 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

§ 5.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

*) Endra ved Stortingsvedtak av 30. november 1967.

**Retningslinjer for bruken av midlar frå
Norsk kulturfond.**

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha det doble siktet målet å stimulere kunsten og kulturvernet, og samstundes gjere kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at Rådet skal leggje særskild vekt på:

- a. Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- b. Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- c. Tiltak til å fremje norsk biletkunst, og kjøpe inn biletkunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking.
- d. Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- e. Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis òg betre høve til vidare utdanning.
- f. Kulturverntiltak, såleis òg vern av samisk kultur.
- g. Stønad til finansiering av kulturbrygg.
- h. Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrare utforming av omgivnaden vår.
- i. Tiltak som kan gi lettare tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsemrd for dei verde den gir.
- j. Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t. d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubile og minnehøgtider, og større eingongsturnear frå kunstinstitusjonar.

Reglement for Norsk kulturråd
fastsett ved kongeleg resolusjon
27. august 1965.

§ 1.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

§ 2.

Rådet skal ha 11 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemnast av Stortinget og 7 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, alle for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i Rådet.

§ 3.

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan òg setje ned utval til å arbeide med særskilte saker eller

saksområde. Dersom det i slike utval blir oppnemnt personar som ikkje er medlemmer av Rådet, må oppnemninga godkjennast av departementet.

§ 4.

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningslinjer som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegner i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som Rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir leyvde til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for Rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

§ 5.

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan Rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskjeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er nautsnyt eller 2 medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst helvta av medlemmene er til stades. Ved røysting blir sakene avgjort ved vanleg fleirtal. Står røystene likt, er det røystinga til formannen som avgjør utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varamennene etter kvart møte.

§ 6.

Rådet drøfter og avgjør alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for Rådet i neste møte.

§ 7.

Utgifter til rådsmöte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

Møte i Arbeidsutvalet.

Arbeidsutvalet er i 1969—72 desse 5:
Leif J. Wilhelmsen, Fartein Valen-Sendstad,
Kjell Bækkelund, Hans Heiberg og Håkon Stenstadvold.

Varamenn: Halldis Moren Vesaas, Bjartmar Gjerde.

Arbeidsutvalet har hatt 6 møte: 10. januar, 29. januar, 27. februar, 23. mai, 18. august og 2. november.

Nokre saker som det hasta svært med, har Arbeidsutvalet gjort vedtak om ved brevskifte (1. april, 13. april, 30. mai, 6. juli).

Arbeidsutvalet har på møta gjort vedtak om tilskottssaker på kr. 25 000 eller mindre innanfor ramma av budsjetterte avsetjingar, og har elles førebudd saker for Rådet.

Dei einskilde medlemmene av Arbeidsutvalet har på same måten som dei førre åra teke på seg å førebu saker i samarbeid med administrasjonen, og gi tilråding til Rådet om løyvingar.

Møte i Rådet.

Rådet har i alt hatt 13 møte: 9. og 10. februar, 17. og 18. mars, 6. mai, 26., 27. og 28. juni, 8. og 9. september, 13. oktober, 18. november og 17. desember.

Til møtet 8. september var varamennene innkalla, i samsvar med den praksis Rådet følger ein gong kvart år. Møta 26., 27. og 28. juni vart haldne i Mo i Rana, og i Bodø. Møta i Mo i Rana og i Bodø vart kombinerte med omvisingar i muse, kyrkjer o. a., og med konferansar med ordførarar og formannskap.

Ekspedisjonssjefen i Kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet er alltid innbeden til rådsmøta.

Andre møte, konferansar og seminar.

Utreiings- og planleggingsavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet arrangerte saman med Norsk kulturråd 12.—13. mai eit seminar på Voksenåsen om tidsstudier som grunnlag for vurdering av statlege investeringar i kulturtiltak.

I dagane 9.—11. desember arrangerte Rådet eit seminar på Grand Hotell, Kongsberg, om registrering av faste kulturminne, med i alt 50 deltakarar frå tre departement og interessererte organisasjonar og institutt. Danmark, Finland og Sverige var representert på seminaret.

3.—4. desember hadde Arbeidsutvalet møte med representantar for det svenske Kulturrådet.

Under rådsmøte i Bodø hadde Rådet møte med sekretæren for Landsdelskomitéen for Nord-Noreg.

Utval og utgreiingar.

A. Faste utval:

1. Det faglege utval for litteratur:

Hans Heiberg, formann, bibliotekdirektør

Anders Andreassen, adm. direktør Erling Fjellbirkeland,

2. Utvalet for utgiving av eldre norsk litteratur (Klassikarkomitéen):

Professor Edvard Beyer, formann, professor Bjarte Birkeland, bibliotekar John Dahl, produksjonssjef Øystein Lie. (Den siste vart oppnemnd som nytt medlem av utvalet 9. september 1970, etter framlegg frå Den norske Forleggerforening.)

3. Utvalet for tilskott til barnebøker:

Thorbjørn Egner, formann, målaren Chrix Dahl, førstebibliotekar Astrid Feydt.

4. Utvalet for tilskott til verdfulle omsetjingar av moderne litteratur:

Forfattarane Carl Hambro, formann, og Tor Obrestad (oppnemnde av Norsk kulturråd), forlagssjef Øivind Seip Berggrav (oppnemnd av Den norske Forleggerforening; død juni 1970), forfattarinna Magli Elster (oppnemnd av Norsk litteraturkritikerlag), og førstebibliotekar Tore Hernes (oppnemnd av Statens bibliotektilsyn). Som nytt medlem etter Berggrav ble 9. september 1970 oppnemnd forlagsdirektør Barthold A. Butenschøn, etter framlegg frå Den norske Forleggerforening.

5. Utval for tilskott til periodiske publikasjonar:

Redaksjonssekretær Simen Skjønsberg, formann, Halldis Moren Vesaas, Håkon Stenstadsvold.

6. Appellutvalet for innkjøpsordninga.

(Appellar om bøker som ikkje blir tekne med på lista frå Departementets rådgjevande komité for folkeboksamlingar): Redaktør Finn Jor, formann, magister Otlu Alsvik, journalist Jo Ørjasæter.

7. Ankenemnda for innkjøpsordninga.

(Ankar om klassifiseringsreglar o. a. i innkjøpsordninga):

Magister Carl Fredrik Engelstad, formann (Den norske Forfatterforenings Litterære råd), forlagssjef Øivind Seip Berggrav (Den norske Forleggerforening; død juni 1970), lektor Arne Prøis (Norsk Forleggersamband), universitetslektor Kristoffer Haave (Universitetet i Oslo), programsekretær Bjørn Nilsen (oppnemnd av Norsk kulturråd). Som nytt medlem etter Berggrav oppnemnde Rådet 9. september 1970 forlagsdirektør Barthold A. Butenschøn, etter framlegg frå Den norske Forleggerforening.

8. Utvalet for utgiving av norsk musikk:

Kjell Bækkelund, formann, komponisten Egil Hovland, konsertmeister Ørnulf Boye-Hansen, komponisten Arne Nordheim, direktør Egil Monn-Iversen.

9. *Sakkunnig komité for Materialfondet:*
Bjartmar Gjerde, formann, medlemmer valde av Bildende Kunstneres Styre: Chrix Dahl, Joseph Grimeland, Jardar Lunde.
 10. *Utval for kunstnarleg utsmykking av offentlige bygg:*
Eli Silseth, formann, og Håkon Bleken (oppnemnde av Norsk kulturråd), Egil Weiglin, Gunnar Janson og Einar Hellem (oppnemnde av Bildende Kunstneres Styre), arkitekt Leif Olav Moen (oppnemnd av Norske Arkitekters Landsforbund). Ein representant for Statens bygge- og eiendomsdirektorat møter i utvalet som konseilant.
 11. *Utvalet for innkjøp av norsk samtidskunst:*
Førstekonservator Knut Berg, formann, (oppnemnd av Norsk kulturråd), målaren Frantz Widerberg, bilethoggaren Arne Vinje Gunnerud og grafikaren Guttorm Guttormsgaard (oppnemnde etter framlegg av Bildende Kunstneres Styre).
 12. *Utvalet for innkjøp av samisk kunst og brukskunst:*
Håkon Stenstadvold, (varamann Eli Silseth). Marit Stueng, (varamann Kristine Nedrejord). Sverre Fjeldheim (varamann Ragnar Myrland). Lauri Keskitalo (varamann Hans Nergård).
 13. *Utvalet for sikring av høgt prioriterte fornminne:*
Professor Anders Hagen, Bergen, formann, professor Sverre Marstrander, Oslo, førstekonservator Odmund Møllerop, Stavanger, samlingsstyrar Kristen R. Møllenhus, Trondheim, førstekonservator Povl Simonsen, Tromsø. Førstekonservator Arne Skjølvold er sekretær for utvalet.
 14. *Utval for tilskott til lokalhistorisk arbeid:*
Edvard Bull, formann, dr. philos. Rolf Fladby, professor Knut Mykland, dr. philos. Olav Bø, universitetslektor Jørn Sandnes.
 15. *Utvalet for byggesaker:*
Fartein Valen-Sendstad, formann, arkitekt Ulf Colbiørnsen (begge oppnemnde av Norsk kulturråd), arkitekt Gaute Bålsrud (Statens bygge- og eiendomsdirektorat).
- B. Mellombels utval:
1. *Utvalet for norsk litteratur i utlandet:*
Hans Heiberg, formann, forlagsdirektør Arthur Holmesland, forfattaren Odd Bang-Hansen, forfattaren Carl Hambro, dr. philos. Max Tau.
 2. *Utvalet for utgiring om lydstudio:*
Musikksjef Gunnar Sønstevold, formann, sivilingeniør Asbjørn Krokstad, direktør Egil Monn-Iversen, musikaren Harald Skogrand, kontorsjef Gorm Bækkelund.
 3. *Utvalet for utgiring om kontaktarbeid forfattar—samfunn:*
Hans Heiberg, formann, Thorbjørn Egner (begge oppnemnde av Norsk kulturråd), forfattarane Odd Bang-Hansen, Ebba Haslund og Bjørn Nilsen (Den norske Forfatterforening), opplysningssjef Knut Fjæstad (Samnemnda for studiearbeid), bibliotekkonsulent Else Granheim (Statens bibliotektilsyn), professor Daniel Haakonsen (Universitetet i Oslo), lektor Ragnar Aalen (Kyrkje- og undervisningsdepartementet).
 4. *Utvalet for utgiring om provisorisk musikkhøgskole:*
Professor Hampus Huldt-Nystrøm, formann, komponisten Egil Hovland, rektor Ernst Glaser, konsulent Turid Hundstad (Finansdepartementet), byråsjef Ivar Høyem (Kyrkje- og undervisningsdepartementet), musikkstuderande Jon Persen (Norsk Studentunion) med musikkstudiende Erik Stenstadvold som fast møtande varamann. Byråsjef Høyem er også sekretær i utvalet.
 5. *Utval for utgiring om tiltak for norsk folkemusikk og -dans:*
Fartein Valen-Sendstad, formann, Per Håland, professor Hampus Huldt-Nystrøm.
 6. *Utvalet for utgiring av spørsmålet om publikasjonar på samisk, eller som reknar med samiske lesarar:*
Veterinær Paul Fjellheim, formann, lærar Ella Holm Bull, lektor Nils Jernsletten, tannlækjar Aslak Loso, redaktør Asmund Rørslett. Utvalet er nedsett i samråd med Norsk sameråd.
 7. *Utgiring om utgiving av eldre norsk musikk på LP-plater eller som noter:*
Komponisten Øistein Sommerfeldt har påtatt seg ei einmannsutgiring.
 8. *Utvalet for utgiring om kulturanlegg i Førde:*
Arkitekt Ulf Colbiørnsen, formann, teatersjef Eivind Hjelmtveit (Riksteatret), direktør Egil Beck (Rikskonsertane), kontorsjef Jan Askeland (Riksgalleriet), ordførar Reidar Tveit, førstebibliotekar fru Trine Kolderup Flaten, (Førde formannskap), direktør Martin T. Tveit (Norges Industriforbund), redaktør Knut Ribu (Landsorganisasjonen), ekspedisjonssjef Johan Bjørge, Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Mandatet følgjer som vedlegg nr. 1.
 9. *Utvalet for utgiring om registrering av faste kulturminne:*
Leif J. Wilhelmsen, formann, Fartein Valen-Sendstad, riksantikvar Roar Hauglid, arkitekt Kristian Bjerknes, arkitekt Arne Berg, professor Knut Kolsrud, sjefsarki-

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

tekst Børre Skaslien. Mandatet følgjer som vedlegg nr. 2.

10. Interimstyre for Modum Blaafarveverks Venner:

Ordførar Arne Fossum, rådmann Kristian Linnerud (Modum kommune), riksantikvar Roar Hauglid (Staten), ordførar Ingvald Granum, Krødsherad (Buskerud fylke), disponent Kjell Steinsvik (Modum Blaafarveverks Venner).

Fartein Valen-Sendstad er observatør til interimstyret. Interimstyret skal utarbeide framlegg til vedtekter, kalkyle over eingongsutgifter og driftsbudsjet.

11. Utvalet for utgreiing om arbeid for norsk ballett:

Olaf Kortner, formann, direktør Gunnar Brunvoll, ballettdanserinna Guri Pahle Glad, direktør Ole Henrik Moe, direktør Åsmund Oftedal, koreograf Miriam Skjørten, dansepedagog Kari Wang. Mandatet følgjer som vedlegg nr. 3.

Desse utgreiingane og rapportane er leverte til Norsk kulturråd i 1970:

Tilråding om kontaktarbeid forfattar—samfunn.

Tilrådinga vart sendt til fråsegn til interesserte organisasjonar og lag. Tilrådinga blir trykt og endeleg handsama i samband med fordeling av midlar frå Norsk kulturfond 1971.

Utgreiing om tiltak for norsk folkemusikk og -dans.

Tilrådinga vart send til fråsegn til interesserte institusjonar og lag. Ho er trykt og vart endeleg drøfta i Rådet hausten 1970. Tilråding frå Kulturrådet til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om saka vart send 20. november 1970. Den trykte utgreiinga og tilråding frå Rådet følgjer årsmeldinga som uprenta vedlegg. (Sjå òg kap. III, Musikk).

Tilråding frå Musikkutvalet om ein «klassikarserie» av norsk musikk (sjå kap. III, Musikk), på grunnlag av ei utgreiing frå komponisten Øystein Sommerfeldt. Tilrådinga blir drøfta av Norsk kulturråd i samband med fordeling av midlar frå Norsk kulturfond 1971.

Tilrådingar og fråsegner frå Norsk kulturråd til Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Årsmelding 1969 (St. meld. nr. 53, 1969—70).

Tilråding om fordeling av midlar frå Norsk kulturfond for 1970.

Framlegg om løyving til Norsk kulturfond for 1971. Kulturrådets brev følgjer som vedlegg nr. 4.

Framlegg om styrking av administrasjonen i Norsk kulturråd.

Fråsegn om verksemda i Rikskonsertane i prøveperioden 1968—70, med tilråding om at Rikskonsertane frå 1971 blir organisert som statsinstitusjon med driftstilskott frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Tilråding til Ungdoms- og idrottskontoret om plassering av kunstverk, innkjøpte 1968—69 av Norsk kulturråd, i samfunnshus.

Framlegg om å be Nordisk Kulturkomisjon greie ut spørsmålet om nordisk samarbeid om utdanning av tekniske konservatorar o. a. teknisk konserveringspersonell.

Fråsegn om medlemsframlegg i Nordisk Råd om omsetjing av nordisk skjønnlitteratur til nordiske språk.

Fråsegn om medlemsframlegg i Nordisk Råd om oppretting av Nordisk Råds pris for biletkunst.

Fråsegn om medlemsframlegg i Nordisk Råd om oppretting av Nordisk Råds pris for scenekunst.

Framlegg om å få ei utgreiing om korleis området ved Akershus kunne utnyttast til kunstnarlege føremål.

Fråsegn om Innstilling frå Teaterkomitéen av 1968.

Fråsegn om Innstilling frå Komitéen til å greie ut om drift og verksemnd ved dei halvoffentlege musea.

Fråsegn om framlegg til ny lov om fornminne.

Fråsegn om medlemsframlegg i Nordisk Råd om eit nordisk sameinstittutt.

Tilråding om Innstilling om tiltak for norsk folkemusikk og folkedans.

Tilråding om løyving til Rikskonsertane for 1971.

Fråsegn om Norsk kulturfond og løyvingar til kulturbrygg.

Samarbeid med andre institusjonar.

Rådet vil først og fremst få seie seg glad for det gode samarbeid med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, som er ein føresetnad for ei planmessig koordinering med statsbudsjettet.

Vi gjer nærmare greie for dette samarbeidet i kapittel II.

Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet.

Det er jamleg kontakt mellom administrasjonen i Norsk kulturråd og Kulturavdelinga om tiltak for norsk kunst i utlandet, eller om presentasjonar av utanlandsk kunst i Noreg. Kulturrådet gir aldri tilskott på dette feltet utan i samråd med Utanriksdepartementet.

Som vanlege retningsliner gjeld det at kulturfondsmidlar berre kjem inn i biletet når det gjeld store eingongstiltak som går ut over det vanlege budsjettet for avdelinga, og som må planleggjast i god tid. (Om einskilde tiltak, sjå kap. III, Litteratur, musikk, bilet-kunst.)

Norges almenvitenskapelige forskningsråd.

Kulturrådet har hatt kontakt med det nye trykkingsutvalet i fagråd A, som har tatt opp spørsmålet om det er mogeleg å få i stand eit samarbeid når det gjeld utgivingar av større monumentpublikasjonar på feltet kunst og arkeologi.

Det vil bli nærmere drøftingar mellom dei to råd på nyåret 1971 om publikasjonar på felt der begge råd er interessert. NAVF sette i oktober ned eit nytt utval som skal gi tilråding om arbeid for miljøvern, med representantar for fagutvala i NAVF. Utvalet har tatt kontakt med Norsk kulturråd av di det her er eit område der begge råd har oppgåver. Ein bør ikkje etablere noka klår interessegrense, her er det i røynda eit idéfellesskap mellom nærskylde område, miljøvern og miljøforsking, kulturvern og vern om kulturlandskap.

Det er elles jamleg kontakt mellom administrasjonane i dei to råd om særlege tiltak.

Riksantikvaren.

Som tidlegare har Rådet dette året også hatt nær kontakt med Riksantikvaren om saker som gjeld kultur- og miljøvern. Riksantikvaren er formann i det utvalet som førebur ein offentleg stiftelse for Blåfargeverket på Modum, og er med i førebuinga av den landsomfattande registreringa av faste kulturminne som Kulturrådet planlegg. (Sjå side 35).

Riksantikvaren har vore med på synfarin-gar som Kulturrådet har fått i stand, til dømes ved Bryggen i Bergen. Alle søknader som gjeld tilskott til restaurering av freda hus eller miljø, og trygging av andre kulturminne innanfor arbeidsområdet til Riksantikvaren, blir lagt fram der før Rådet tek endeleg avgjerd.

Norske Kunst- og Kulturhistoriske Muse.

Alle saker som gjeld tiltak ved dei kultur-historiske musea, blir sende til fråsegn til NKKM. Norsk kulturråd har bede forbundet om å setje ned ei arbeidsgruppe til å planleggje og leide ein landsomfattande registre-ring med prioritering av kva som mest trengst av restaurering ved bygningane rundt i mu-seumssamlingane.

NKKM har vidare, etter oppmoding av Norsk kulturråd, sett ned ei arbeidsgruppe med museumsdirektør Lauritz Opstad som for-

mann, med oppgåve å dra opp retningsliner og planar for etterutdanning/vidareutdanning av preparantar o. a. teknisk konserveringsperso-nale for arbeidsområda ved dei kulturhisto-riske musea. (Sjå nærmare kap. III, Kulturvern.)

Fylkeskonsernatorane.

Rådet har kontakt og samarbeid med fylkes-konsernatorane når det gjeld tiltak i dei ein-skilde fylka, både ekstraordinære tiltak ved musea, og trygging av kulturhistorisk ver-dulle anlegg og miljø. I fleire fylke sender musea søknadene sine gjennom fylkeskonser-vatoren, slik at Rådet får ei vurdering på re-gionalt grunnlag, i tillegg til prioriteringa fra Riksantikvaren eller NKKM.

Statens bibliotektilsyn.

Bibliotekdirektøren er fast medlem av Det faglege utvalet for litteratur. Norsk Forfat-tersentrum har tatt over administrasjonen når det gjeld forfattarkveldar i biblioteka, men Tilsynet gir framleis tilråding om forde-ling av tilskotta. Gjennom Tilsynet samarbeider Rådet med Departementets rådgjevande komité for folkeboksamlingar. (Sjå elles kap. III, Litteratur.)

Biblioteksentralen A/S.

Kulturrådet samarbeider med Biblioteksen-tralen i alle praktiske spørsmål som gjeld innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur (innbinding, eksedisjon o. a.). Sentralen har også tatt på seg alt det praktiske arbeidet med å få sendt dei 500 eksemplar av godkjende barne- og ungdomsbøker til barneheimar o. a. barnevernsorganisasjonar og til lærarskolane. (Sjå kap. III, Litteratur.)

Statens bygge- og eiendomsdirektorat.

Utalet for kunstnarleg utsmykking har nær kontakt med direktoratet. Det sender fram-legg når det gjeld utsmykking av statsbygg, og direktoratet har ein fast observatør i ut-smykkingsutvalet.

Elles samarbeider Rådet med ei rad kunst-og kulturorganisasjonar og institusjonar som Den norske Forfatterforening, Den norske Forleggerforening, Norsk Forleggersamband, Norsk Forfattersentrum, Bildende Kunstneres Styre, Statens musikkråd, Norsk komponist-forening, Norsk Film A/S, Norsk filmråd, Samnemnda for studiearbeid, Norsk kurato-rium for barne- og ungdomsbøker o. a.

Reiser og representasjon.

Formannen representerte Kulturrådet og heldt foredrag ved den nordiske kommunal-

Norsk kulturfond — Arsmelding 1970.

konferansen arrangert av dei nordiske by- og heradsforbund på Gjøvik 15.—19. juni.

Han representerte Rådet på årsmøtet 3. februar i Foreningen for vitenskapelige tjenestemenn ved museene, og innleidde saman med direktør Sandbo i NAVF til ordskifte om tilhøva mellom Norsk kulturråd, NAVF og forskningstiltak ved musea.

Han bar fram helsing frå Rådet ved 100-års jubileet for Drammens Teater 9. februar.

Formannen var med i den norske delegasjonen til det internasjonale kulturministermøte i Venezia i september, arrangert av UNESCO.

Han heldt foredrag ved fylkeskonferanse i Buskerud om Skolen og kulturen, arrangert av Folkeuniversitetet, 13.—15. november.

Formannen er ex officio medlem av representantskapet for Sonja Henies og Niels Onstads stiftelser.

Viseformannen, Vælen-Sendstad, representerte Rådet ved møte i Arendal 18. februar om trygging av Tyholmenmiljøet, og ved møte i Bergen 11. mars om «Bryggen».

Viseformannen og sekretær Berit Weyer Larsen representerte Rådet ved opningshøgtid ved Feiring Jernverk 24. september i samband med at restaureringa no er avslutta.

Viseformannen representerte Rådet ved konferanse på Utstein i oktober, arrangert av dei arkeologiske musea, til drøfting av framlegg om ny fornminnelov, og ved konferanse med Norsk filmråd 12. oktober. Han har i året vitja ei rad muse og hatt drøftingar med styre og nemnder.

Håkon Stenstad vold har etter oppdrag av Kulturrådet gjort ei reise i indre Finnmark 5.—7. oktober, for å setje seg inn i spørsmål som gjeld avsetjinga, kr. 30 000, til å kjøpe samisk brukskunst og kunsthandverk.

Hans Heiberg representerte Rådet ved amatørteaterkonferanse i Kongsberg 7.—8. mars, arrangert av Samnemnda for amatørteaterarbeid med tilskott frå Norsk kulturfond.

Kjell Bækkelund representerte Rådet ved opninga av jazzfestivalen i Molde.

Bjørn Aarseth har etter oppdrag av Rådet gjort ei reise 1.—10. juni i sør-samiske område, der han vitja sør-samiske grupper frå Engerdal i sør til Hattfjelldal i nord. Rapporten frå Aarseth følgjer årsmeldinga som uprenta vedlegg. Han representerte Rådet ved årsmøtet i Norges Reindriftsamers Landsforening 25. juni, og var med på møte i Nord-norsk kulturråd, Harstad 4.—5. september.

Halldis Moren Vesaa avduka på vegne av Kulturrådet Skjæraasen-minnesmerket i Trysil 25. juli, og representerte Rådet

ved avdukinga av Randi Hoaas sitt biletteppe i Hallingdal gymnas 12. november.

Kjølv Egeland representerte Rådet ved overrekking av gavebrev til harpe til symfoniorkesteret i Stavanger 17. september.

Elisabeth Dored representerte Rådet ved opninga av Haldenfestivalen III 18. oktober.

Ingeborg Lyche representerte Rådet ved seminar arrangert av Galleri F 15 27. februar og heldt foredrag om «Norsk kulturråd: Hovedlinjer og muligheter», og på fylkeskonferanse i Porsgrunn 7.—8. mars, med foredrag om «Norsk kulturfonds plass i kulturformidlingsarbeidet».

Ho representerte Rådet ved opninga av Festspela i Nord-Noreg 21. juni, talte ved opninga og heldt foredrag ved kulturseminaret 25. juni. Ho representerte Rådet ved Nord-norsk kulturråds og Nord-norsk musikkråds møte i Harstad 4.—5. september, og heldt foredrag ved Rådets kulturseminar på Trondarnes folkehøgskule 5. september om «Riks-kultur og regional-kultur».

Konsulent H. Brinchmann og førstesekretær S. Ringard representerte Rådet ved Den norske Forfatterforenings seminar på Voksenåsen 2. desember om «Forfatteren og samfundet».

Konsulent Hans Stokland representerte Rådet ved seminar om «Kommuner nas kulturliv», Båhusgården 6.—12. september, arrangert av den svenske foreninga Norden.

Norsk kulturråds ærespris 1970.

Æresprisen for 1970 vart gitt til Alf Prøysen i rådsmøte 18. november. I grunngjevinga legg Rådet vekt på at han i eit livsverk som er uvanleg allsidig og breidt har sameint kunstnarleg kvalitet med ein i beste forstand av ordet folkeleg kultur. Med viser og melodiar, si eiga tolking av dei, med noveller, skodespel og romanar har han vore med og bygd den brua mellom folkekulturen og dei meir tradisjonelle kunstformene som vi treng dersom vi skal nå fram til ein levande heilskap i kulturlivet. Rådet legg også vekt på kor mykje Alf Prøysen gjennom ei årrekke har gitt norske born. I dei mange viser, eventyra og radio-programma for born, sameiner han kunstnarleg kvalitet med ein naturleg appell til barne-sinn. Livsverket hans på dette feltet har vore ei verdfull motvekt mot dei mange verdlause tinga ein byd born i vår tid. Livsverket hans som kunstnar på så vide felt har gjort Alf Prøysen kjend og elskaa av menneske i alle aldrar over heile landet.

Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet.

Som alt nemnt i førre kapitlet, seier Rådet seg glad for det gode samarbeid med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, som er naudsynt om vi skal få ein koordinert kulturpolitikk.

I den fråsegna som Kulturrådet gav departementet om Innstilling frå Teaterkomitéen av 1968, peiker Rådet i samanheng med drøftinga av mandatet for komitéen på at i vårt land, som i mange land elles, har statsstøtte til kulturlivet alt for lenge hatt karakter av einskild-tiltak med liten indre samanheng og stor ulikskap i målsetting, virkemidlar og fordeling av utgiftene.

Ein bør no freiste å komme fram til ei formulering av ein total kulturpolitikk, bygd på eit heilskapssyn og med ei innbyrdes prioritering av oppgåvane innanfor realistiske økonomiske rammer. Etter sin idé og sine vedtekter bør Norsk kulturråd spele ei aktiv rolle ved utforminga av denne politikken, både ved at Kulturfondet bør kunne finansiere naudsynte utgreiingar og ved at Rådet gir råd til statsmaktene om konkrete tiltak. Viktig forarbeid er alt gjort eller er i gang i Rådets regi, til dømes i kulturvernsektoren og i utforminga av modellar for lokalt kulturarbeid. Rådet meiner ein bør intensivere denne verksemda, og vil gjerne drøfte vidare med Kyrkje- og undervisningsdepartementet både dei oppgåvane som ligg føre og voner og utvegar. Desse drøftingane meiner Rådet bør komme i gang når Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Rådet har hatt høve til å studere resultata av UNESCO's kulturministerkonferanse (Venezia 24. august—2. september 1970), der desse spørsmåla vart drøfta på internasjonalt plan.

Om mange større tiltak har det vore konferansar i departementet med representantar for Rådet. Såleis om Konserthuset i Oslo, Bryggen i Bergen, Frue Meieri i Stavanger, om tilhøva samfunnshus/kulturbrygg på landsbygda, om balletspørsmål o. a. Ballettkomitéen av 1970 (sjå Utval og utgreiingar, side 9), er såleis sett ned i samråd med departementet.

Sidan prøvedrifta med Rikskonsertane kjem til å halde fram i 1971, har Rådet bede departementet om samtykke til at oppnemningstida og mandat for styre og råd, som vart fastsett for 3-årsperioden 1968—70 blir lengde ut til 1971. Vi viser til nærmere utgreiing om Rikskonsertane under kap. III, Musikk.

I samarbeid med Ungdoms- og idrottskontoret er det no utarbeidt ein plan for fordeling av dei kunstverka som Norsk kulturråd har kjøpt inn i 1968—69, til samfunnshus i 6 fylke. Sjå nærmere i kap. III, Biletkunst.

Saman med Utgreiings- og planleggingsavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet vart det arrangert ein konferanse 12.—13. mai på Voksenåsen om «Kartlegging av kulturaktivitetar».

Å få til meir tidsmessige retningsliner for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg, er framleis ei uløyst oppgåve. Vi viser til det som vart sagt i årsmeldinga for 1969 om denne saka.

Rådet rekna med at tilhøva ville bli enda vanskelegare i 1970, og dette har slått til. Av langsiktige tilseigner gitt i 1968—70 må ein i 1971 betale ut nærmere ein mill. kroner (kr. 935 000, inkl. kr. 100 000 som er slutt-loyvinga til Tromsdalen kyrkje). Dei store utsmykkingsoppgåvene ved nye statsbygg, særleg då universiteta, gjer at andre offentlege bygg, som skular og sjukehus, ikkje kan komme med. Vi viser til talloppgåvene i kap. III, Biletkunst.

I 1970 er Norsk Forfattersentrum bygd vidare ut. Sentret har overtatt administrasjonen av forfattarbosetk i bibliotek og ved seminar og kulturveldar. Rådet reknar med at prøveordninga for Forfattarsentret må halde fram i 1971 òg, finansiert av Kulturfondet og ved tilskott frå fylke, kommunar og organisasjoner. Ei samla vurdering av denne verksemda vil bli send Kyrkje- og undervisningsdepartementet etter 1971.

På kulturvernombordet har fleire saker vore drøfta med departementet, såleis tilhøva når det gjeld freding eller kjøp av område kring faste fornminne, og stillinga for fornminneinspektøren. Rådet vonar at denne stillinga frå 1972 blir ei fast organisert stilling på statsbudsjettet. Rådet arbeider vidare med spørsmål om utdanning av tekniske konservatorar og anna konserveringspersonell. Rådet meiner at ein òg må sjå dette spørsmålet i nordisk samanheng. (Sjå kap. I, Tilrådingar og fråseigner til departementet).

Rådet har stilt kr. 15 000 til rådvelde for Historisk Museum, Universitetet i Bergen, til ei utgreiing om planar for lokale til konserveringsavdelinga ved museet. Rådet har bede Museet ta kontakt med Statens bygge- og eiendomsdirektorat så ei utbygging kan bli passa inn i byggjeprosjekta for Universitetet. Det har vore nytta kr. 150 000 til andre konserveringstiltak: konservering av altarskåp og kalkmålarstykke i kyrkjene i Trondenes og Moster, til saman kr. 95 000, og kr. 55 000 til andre konserveringstiltak, mest tekstilar. (Sjå kap. III, Kulturvern.)

Rådet vil seie seg glad for den auken som i 1971 kjem på budsjettet til Riksantikvaren,

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

kap. 372, og likeins for auken under kap. 377, til konservering av eldre kunst- og kulturminne i samlingar og kyrkjer.

Representantar for Kulturrådet hadde 12. oktober møte med Norsk filmråd og representantar for Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Filmrådet sa seg lei for at Kulturrådet i årsmeldinga for 1969 hadde varsla at Rådet ville ta opp til ny drøfting om tilskott til fri kunstnarleg kortfilm, som sidan 1965 har vore på programmet for Kulturfondet, no naturleg burde gå over til departementet. Kulturrådet er samd i at så lenge ikkje Kyrkje- og undervisningsdepartementet har funne det mogeleg å gi stønad til denne særlege grenen innanfor kortfilmproduksjonen, bør Kulturrådet halde fram med tilskott til slike kortfilmar. Men prinsipielt meiner Rådet det ville vere naturleg å sjå all norsk kortfilmproduksjon under eitt, av di det er vanskeleg å dra klare grenser mellom dei ymse slag kortfilm, som kan vere meir eller mindre eksperimentelle i form og innhald.

Rådet vil til slutt, slik som vi gjorde i førre årsmeldinga, få minne om føresetnaden i Stortinget då Kulturfondet vart oppretta, at løyvingane frå fondet skulle komme i tillegg til dei ordinære løyvingane på kulturbudsjettet og vekse i takt med budsjetta elles og den økonomiske evna i landet. Rådet vil gjerne få

sei seg glad for fråsegna frå Kyrkje- og undervisningsnemnda i Budsjettinnstilling S. nr. 12 for 1970—71, der nemnda særskild nemner dei vidtfemnande oppgåvane Norsk kulturfond har: «Det arbeidet som her blir gjort har overlag mykje å sei for norsk kulturliv og kulturvern rundt i heile landet. Nemnda meiner difor at Fondet bør styrkast, både gjennom ei planfast auke i løyvingane, og ved overføring til statsbudsjettet av tiltak som Kulturfondet har fått igang, og som bør bli varige.»

Kulturrådet er glad for den auken i løyvinga som nemnda gjorde framlegg om og som vart vedteken i Stortinget 1. desember. Men Rådet må likevel minne om at den auken som Stortinget fastsette, ikkje representerer meir enn ca. 12 pst., medan den tilsvarande auken til kunst-, kulturvern- og idrottsformål er 15,7 pst.

Nemnda bed om at departementet og Kulturrådet nå gir ei samla vurdering av tilhøvet mellom løyvingane til Kulturfondet og til kulturføremål over statsbudsjettet, med sikte på ei praktisk arbeidsdeling og ein reell auke i løyvingane.

Kulturrådet vil freiste å gi framlegg til ei slik samla oversyn og vurdering, som vil bli send Kyrkje- og undervisningsdepartementet i dei første månadene av 1971.

Kap. III. Tilskott.

Innleiing.

I 1970 kom inn i alt 769 søknader (1969: 782). Brev og førespurnader er ikkje rekna med. Det er vanskeleg å gjere nøyaktig greie for den totale søknadssum, anten av di mange søknader ikkje nemner nokon sum, eller den summen det blir søkt om kan delast over fleire år. Med desse etterhald kan ein setje samla søknadssum for 1970 til om lag 66 mill. kroner (1969: 56,5 mill. kroner).

Av di Rådet gjerne vil ha eit grunnlag å byggje på når det skal førebu fordeling av

fondsmidlar for året som kjem, blir det kvart år utlyst ein frist som har vore sett til 1. november, for søknader om tilskott av fondsmidlar for kommande år. Men utlysinga av denne fristen vil ikkje seie at ikkje Rådet tar omsyn til søknader som kjem inn seinare enn denne datoene. I samsvar med dei retningslinnene Stortinget har fastsett, avslår Rådet søknader om driftstilskott til institusjonar og organisasjonar. Tilskott til ei rekkje tidsskrift må likevel etter føresetnaden bli gitt árvisst. (Sjå avsnittet Tidsskrift.)

Søknadsoversyn pr. 31. desember 1970. Tala for 1969 er ført opp ved sida av.

	Talet på søknader		Utan søknadssum		Total søknadssum	
	1970	1969	1970	1969	1970	1969
Litteratur	102	111	42	51	2 550 391	1 563 830
Musikk	160	185	22	57	7 332 222	4 671 689
Biletkunst	176 ¹⁾	145	43	43	4 147 787	6 544 227
Film	19	37	1	1	882 065	2 297 935
Kulturvern	177	173	23	33	6 179 152 ²⁾	14 103 011 ³⁾
Kulturbrygg	40	36	5	5	42 561 685	25 602 941
Tidsskrift	26	21	4	5	615 800	530 500
Diverse	69	74	12	11	1 671 119	2 117 422
I alt	769	782	152	206	65 940 221	56 431 555

1) Søknader om lån til materialfondet er ikkje rekna med.

2) I desse tala er ikkje rekna med ei oversyn frå Riksantikvaren om prosjekt for til saman om lag 11 mill. kroner.

3) I talet for 1969 er tatt med ei oversyn frå Riksantikvaren om prosjekt med ein samla søknadssum på om lag 5,5 mill. kroner.

LITTERATUR

I 1970 kom det inn i alt 102 søknader om tilskott til litteraturfremål (111 i 1969). Samla søknadssum var kr. 2 550 391, innpå 1 mill. kroner meir enn året før (kr. 1 563 830). Mange søknader nemner ikkje nokon særskilt sum. I desse tala er heller ikkje rekna med dei mange skriv og førespurnader frå forlag, bibliotek og andre i samband med innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur eller andre ållmenne støttetiltak, til dømes tildelinga av barnebøker til barneheimar, sjukhus o. l.

Utgreininga nedanfor har same rekjkjefølgje på dei ymse tiltaka som er brukt i Stortingsproposisjon nr. 130 for 1964—65, kap. «Særlege retningslinjer for tiltak som gjelder norsk litteratur».

1. Utgiving av eldre norsk litteratur.

Klassikarkomitéen (sjå Kap. I, Utval og utgreiningar) har vurdert ei rad søknader om produksjonstilskott til ny-utgivingar av eldre norsk litteratur som anten er gått ut av handelen eller berre har vore tilgjengeleg i gamle, mangelfulle utgåver eller som del av kostbare samla verk som ikkje kan kjøpast enkeltvis. Fleire av søknadene har kome på grunnlag av den lista som Klassikarkomitéen satte opp i 1968 over bøker som det var om å gjere å få ut på nytt.

Etter tilråding frå komitéen har Kulturrådet i 1970 gitt desse tilskotta:

Ansgar Forlag til Jonas Lie:	
«Fortellinger»	kr. 8 000
Ansgar Forlag til Jonas Lie:	
«Østenfor sol og vestenfor måne» »	4 000
H. Aschehoug & Co, til Hans E. Kinck: «Noveller» bd. I	» 25 000
J. W. Eide Forlag til Tryggve Andersen: «Mot kveld»	» 2 000*
Gyldendal Norsk Forlag til Johan Borgen: «Mumle Gåsegg» »	2 000
Gyldendal Norsk Forlag til Knut Hamsun: «Mysterier»	» 3 000
Gyldendal Norsk Forlag til Alexander L. Kielland: «Gift»	» 3 000
Gyldendal Norsk Forlag til Alexander L. Kielland: «Samlede noveller»	» 4 000
Gyldendal Norsk Forlag til Gunnar Larsen: «Bull»	» 4 000
Gyldendal Norsk Forlag til Tarjei Vesaas: «Huset i mørkret» ..	» 3 000
Noregs Boklag til Aslaug Vaa: «Dikt i utval»	» 5 000
Noregs Boklag til Tore Ørjasæter: «Dikt i utval»	» 6 000
Pax Forlag til Hans Jæger: «Bekjennelser»	» 5 000
Pax Forlag til Hans Jæger: «Fængsel og Fortvilelse»	» 5 000
Universitetsforlaget/Norsk Folkeminneleg til Sophus Bugge: «Gamle Norske Folkeviser»	» 6 000
Til saman: 15 verk	kr. 85 000

I åra 1966—70 har Kulturrådet gitt prentet tilskott til i alt 61 nyutgivingar av klassisk og annan eldre norsk litteratur. Etter initiativ frå Klassikarkomitéen vil det på Universitetsbiblioteka i Oslo og Bergen bli halde ei fram- synning av desse bøkene i slutten av februar 1971. For at tiltaket elles skal bli kjent utover landet, vil ein del av sentralbiblioteka i kvart fylke samstundes stelle ut bøkene. Dei av sentralbiblioteka som ikkje for eigne midlar hadde greidd å skaffe seg alle utgåvene, fekk tilskott av Kulturfondet til innkjøp. Kulturrådet hadde opphavleg tatt sikte på å få til denne presentasjonen av klassikarutgåver våren 1970, og hadde sett av kr. 10 000 til føremålet. Kostnadene blir nå troleg noko mindre.

* J. W. Eide Forlag fekk i 1969 tilskott til Ragnhild Jølsen: «Brukshistorier» kr. 5 500. Forlaget har seinare etter søknad fått denne summen ført over til Tryggve Andersens bok, som såleis fekk eit tilskott på til saman kr. 7 500.

2. Essayistikk.

Klassikarkomitéen skal også gi tilråding om tilskott til utgiving av norsk essaylitteratur, som i denne samannangen også omfattar litterære eller kulturhistorisk verdfulle biografiar, memoarar og brevsamlingar.

I samsvar med tilråding frå komitéen har Rådet gitt desse tilskotta:	
Det Norske Samlaget til «Norsk Litterær Årbok 1970»	kr. 25 000
Gyldendal Norsk Forlag til Knut Imerslund (red.) «Norsk litteraturkritikk 1914—1945»	» 4 000
Lutherstiftelsens Forlag til Hans Nielsen Hauge: «Brev», band I ..	» 21 000
Noregs Boklag til Per Lønning: «Bonde mot konge»	» 5 000
Norsk Forlag Ny Dag til Knut Johansen og Willy Dahl: «Konfrontasjoner»	» 3 500
Tiden Norsk Forlag til Oddvar Bjørklund: «Marcus Thrane — socialistleder i et U-land»	» 5 000

Til saman: 6 verk kr. 63 500

Brevsamlinga til Hans Nielsen Hauge kjem ut i samband med 200-årsjubileet i 1971, men forlaget meiner det er realistisk å rekne med at utgivinga må gå over tre år. Etter tilråding frå Klassikarkomitéen har Rådet gitt tilsegn om same tilskott til dei neste to banda, til saman såleis ein stønad på kr. 63 000.

3. Arbeid for norsk litteratur i utlandet.

Det mellombels utvalet som er oppnemnd til å vurdere dette saksområdet, har berre hatt eitt møte i 1970 for å gi tilråding om ein-skilde søknader. Rådet viser elles til at heile spørsmålet om arbeid for norsk litteratur i utlandet er teke opp til vurdering i tilrådinga om «Kontakt forfatter—samfunn», som er send ei rad organisasjonar til fråsegn og no er trykt. Rådet reknar med å kunne ta standpunkt våren 1971 til dei tiltaka som er omtala i tilrådinga.

I 1970 vart avsett kr. 90 000. Til saman kr. 48 735 er brukta slik:

Til bokkjøp for norske sendelektørar i utlandet, fordelt etter tilråding frå Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet	kr. 30 000
Professor Reidar Djupdal, til reise til Society for the Advancement of Scandinavian Studies, Chicago, mai 1970	» 6 485
Den polske omsetjarinna Beata Hlasko, til vitjing i Noreg i samband med polsk utgåve av Tarjei Vesaas	» 1 500

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Reiseutgifter for forlagsdirektør Holmesland og universitetslektor Michael Selberg til vitjing i Polen i september 1970	»	2 744
Den ungarske litteraturforskaren dr. Istvan Bernáth til deltaking i møte i Bergen av International Association for Scandinavian Studies, august 1970	»	6 750
«Kinck-aksjonen» (Suttung), til utgiving på tysk av opplysingsskrift om Hans E. Kinck	»	1 256
		<hr/>
		kr. 48 735

4. Vidareutdanning av forfattarar.

Den norske Forfatterforening har halde eitt seminar i 1970, 29. november—4. desember på Voksenåsen. Seminaret var lagt opp som eit arbeidsseminar med føredrag, gruppemøte og plenumsdiskusjonar. I alt var det 34 deltagarar. Det var særleg forfattarane sin økonomiske situasjon som vart drøfta, og deltakarane prøvde å leggje opp ei skisse for den framtidige politikken for foreininga, både på kortare og lengre sikt. Forutan norske var svenske og danske forfattarar til stades. Seminarleiar var Kjell Askildsen. Rådet løyvde kr. 25 600 av ei avsetjing på kr. 50 000 til seminaret.

5. Stønad til ny norsk dramatikk.

For 1970 vart avsett kr. 50 000.

Som nemnt i årsmeldinga i fjar, har det vore tingningar mellom De norske teatres forening og Norske Dramatikeres Forbund om ei ny hovudavtale. Avtala er nå vedtatt av partane og gjeld frå februar 1970, men med verknad for tida etter at den gamle avtala vart oppsagt, d.v.s. tida 1. juli 1969—februar 1970. Etter dei nye reglane skal innkjøphonoraret for nye skodespel setjast til kr. 12 000. Kulturrådet vedtok i fjar å auke sin del av innkjøphonoraret frå kr. 7 000 til kr. 10 000 frå det tidspunkt den nye avtala vart gjeldande. Av dette honoraret skal halvparten utbetalast når kontrakt er underskriven og resten når premieren har funne stad.

Det er seinare ikkje blitt aktuelt å betale meir enn eitt forskott på innkjøphonorarar, til Helge Hagerup: «Hvem har det verst?» (Nationaltheatret) kr. 5 000

6. Litterære prisar.

Ved Kgl. res. 27. februar 1970 var det sett av kr. 40 000 til litterære prisar.

Rådet har i 1970 ikkje delt ut «Den store bokprisen». Etter dei røynslene ein fekk ved utdeling av prisen i åra 1966—1969, vedtok

Rådet ikkje å dele ut nokon pris i 1970. Rådet vil etter samråd med Den norske Forfatterforening og andre interesserte organisasjonar seinare vurdere om ein kan finne fram til nye opplegg for utdeling av litterære prisar.

Kulturrådets omsetjarpris på kr. 10 000 vart i 1970 tildelt omsetjaren Nils Lie. Prisen vart overrekt ved ei enkel samkome i samband med rådsmøte 26. januar 1971 (Om samansettjing av jury, sjå nedanfor, 12. Tilskott til verdfulle omsetjingar).

Rådet har elles løyvd kr. 15 000 til premiar i ein konkurranse om «miniskodespel» som Kulturutvalet i Landsorganisasjonen og Sosialistiske Kulturarbeideres Forening skipar til. Emnet for konkurransen er «Demokrati i kvardagen», og tilskiparane reknar med at resultatet vil ligge føre i april 1971.

Rådet gav i 1969 kr. 30 000 i tilskott til ein skodespelkonkurrans arrangert av Bergens Teaterforening i høve Bergens byjubileum. I alt kom det inn 28 manuskript. Juryen for tevlinga fann at ein ikkje burde dele ut nokon førstepris, og ga i staden to andrepremiar.

Vinnarar vart:

Odd Selmer med «Oscarsoniana»
Einar Økland med «Eskapisten Noa».

7 Opplysningsarbeid for norsk litteratur.

Ved Kgl. res. 27. februar 1970 vart sett av kr. 300 000.

I åra 1966—1969 løyvde Kulturrådet i alt kr. 375 000 til bokkjøp for bokbilar. Summen vart fordelt etter tilråding frå Statens bibliotektilsyn. Rådet har kvart år i tilrådinga om fordeling av kulturfond-midlar streka under at dette tilskottet burde førast over til statsbudsjettet så snart den nye biblioteklova låg føre. Jamvel om Rådet var kjent med at biblioteklova ikkje kunne få verknad for 1970, fann det likevel, på bakgrunn av den økonomiske situasjonen for Kulturfondet i 1970, at denne løvinga måtte ta slutt.

Største tilskottet av denne avsetjinga gjekk i 1970 til Norsk Forfattersentrum. Forfattersentret fekk i alt kr. 250 000 til verksamda, fordelt på desse hovudpostane:

Forfattarbesøk i bibliotek, skolar		
m. m.	kr. 100 000	
Løner til leiar og sekretær	» 88 000	
Administrasjonskostnader	» 57 000	
		<hr/>
	kr. 255 000	
minus stipulert eigeninntekt (sal av brosjyrar, honorar frå kommunar o. a.)	» 5 000	
Tilskott frå Norsk kulturfond ..	kr. 250 000	<hr/>

Kulturrådet har hatt nær kontakt med administrasjonen i Forfattersentret. Etter samråd med departementet vil Rådet i 1971 oppnemne ei nemnd som får i oppdrag å vurdere det arbeidet som no blir drive, og dra opp linene for arbeidet i framtida.

Vi viser elles til melding frå Norsk Forfattersentrum, sjå vedlegg nr. 5.

Norsk Forfattersentrum har dessutan fått ei løying på kr. 20 000 til ein kunstnarbuss-turné til Buskerud og Telemark. Forutan forfattarar var òg musikarar, visesongarar og bilet-kunstnarar med på turnéen. Sjå pkt. 13, Andre tilskott.

Til andre opplysningstiltak i 1970 er gitt desse tilskotta:

Studentmållaget i Oslo, dikt- og viseturné til Hordaland	kr. 6 500
Studentmållaget i Bergen, turné med lyrikaren Olav H. Hauge til gymnas i Sogn og Fjordane	» 2 000
Norsk Bokmannslag, litteraturkurs ved Gauldal folkehøgskole	» 4 000
Norsk Litteraturkritikerlag, kritikar-kurs på Gran, Hadeland	» 9 743
Til saman	kr. 22 243

Av denne avsetjinga er såleis i alt brukt kr. 272 243.

8. Stønad til nynorsk litteratur.

Rådet viser til det som er sagt i St. prp. nr. 130 (1964—65) om at den nynorske litteraturen bør støttast gjennom særlege tiltak, og om styrking av verksemda til Det Norske Samlaget. Med dette som grunnlag vart det ved Kgl. res. 27. februar 1970 sett av i alt kr. 300 000 til nynorsk litteratur. Rådet viste samstundes til at dei nynorske bøkene sjølv-sagt kjem inn under dei ållmenne stønadstiltaka (innkjøpsordninga, barnebøker) og dessutan kan få midlar avsette til essayistikk, klassikarutgåver, omsetjingar o.s.b.

Rådet har gitt Det Norske Samlaget i alt	kr. 300 000
som stønad til desse tiltaka:	
Klassiske og norrøne bokverk ..	» 50 000
Nyare utanlandske litteratur ..	» 20 000
Serien «Norsk kulturarv»	» 60 000
Norsk eventyrbibliotek	» 10 000
Kvalitetsbillegbøker	» 60 000
Barne- og ungdomsbøker	» 50 000
Serien «I manns minne»	» 50 000

Melding frå Det Norske Samlaget om korleis desse løyvingane er nytta, sjå vedlegg nr. 6.

Dessutan har Det Norske Samlaget fått kr. 25 000 til «Norsk Litterær Årbok» (sjå pkt. 2, Essayistikk).

Noregs Boklag har fått kr. 7 500 i tilskott til ei barnebok av Jan-Magnus Bruheim (sjå nedanfor, pkt. 11), kr. 11 000 til utgåver av Aslaug Vaa og Tore Ørjasæter (sjå under pkt. 1) og kr. 5 000 til ei bok av Per Lønning (sjå under pkt. 2).

9. Stønad til samisk litteratur.

Frikirkens Finnmarksmissjon, til bladet «Nuorttanaste»	kr. 20 000
Bladet «Nordkalott»	» 20 000
Universitetsforlaget, til Samisk Årbok, band VII	» 12 000
Kr. 2 000 av det siste tilskottet vart teke av rådveldemidlar (jfr. pkt. 13, Andre tilskott).	
Av rådveldemidlar vart elles løyvd til:	
Bladet Nordkalott, til barnebladet Manaide	» 10 000
Karajok bibliotek, til innkjøp av samisk litteratur	» 10 000
Mathis Mathisen, til prenting av nytt opplag av den samiske songboka «Åndelege songar»	» 2 500
Til saman er såleis brukt til samisk litteratur	kr. 74 500

10. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur.

Til denne hovudposten på litteraturbudsjettet vart det ved Kgl. res. 27. februar 1970 sett av kr. 3 000 000 (mot kr. 3 200 000 i 1969). Rådet viste i si tilråding til at kostnadene for innkjøpsordninga året før var blitt noko mindre enn venta, mest avdi det i 1969 kom ut berre 140 skjønnlitterære nye bøker, mot 152 i 1968. Saman med ubrukte midlar til råvelde for litteratur vart det i alt innspart vel ein halv mill. kroner. Rådet fann likevel at ein av omsyn til dei uvisse faktorane i samband med innkjøpsordninga — talet på utgivings og kva bøkene vil koste — helst på nytt burde sette av kr. 3 200 000. Men Rådet viste til den ållmenne press-situasjonen for heile Kulturfondet og vedtok å skjere avsetjinga for 1970 ned til kr. 3 000 000.

Som omtalt i årsmeldinga for 1969, vart det på møte i mai 1969 med ein del av sjefbibliotekarane bede om at Kulturrådet måtte ta opp drøftingar med A/L Biblioteksentralen om det let seg gjere å gå over til meir moderne og tiltalande bindtypar for presentasjonseksemplara. I samsvar med tilråding frå Det faglege utval for litteratur godkjente Rådet i juni 1970 — førebels som ei prøveordning —

eit framlegg frå Biblioteksentralen om å la prosabøkene binde inn anten i Conrit (papir med plastbelegg) eller glatt shirting, og med forlagsomslaga påklistra. Om ein reknar om lag 80 000 slike innbundne bøker, ville tilleggsprisen bli ca. kr. 40 000.

Rådet vedtok samstundes å justere A/L Biblioteksentralens prisar for ekspedisjon og isetting av bibliotekutstyr. Prisauken, kr. 0,25 pr. eks., ville for 140 000 bøker slå ut med kr. 35 000.

Omfang av innkjøpsordninga for 1970.

Utgivinga av nye skjønnlitterære bøker i 1970 viste på nytt — etter, som nemnt, eit relativt «roleg» år i 1969 med 140 titlar — markert vokster. Lista over dei 158 bøkene som vart innkjøpt til biblioteka for kulturfonds-midlar, følgjer som vedlegg nr. 7.

Av desse 158 bøkene var (tala for 1965, -66, -67, -68 og -69 i parentes):

Prosaverk	85 (76 - 88 - 74 - 90 - 75)
Lyrikk	65 (43 - 48 - 48 - 51 - 60)
Skodespel	8 (5 - 12 - 5 - 11 - 5)
Til saman	158 (124 - 148 - 127 - 152 - 140)

Medlemer av Den norske Forleggerforening (medrekna dei forлага som samstundes er tilslutta Norsk Forleggersamband) gav ut i alt 156 bøker. Frå forlag som berre er tilslutta Norsk Forleggersamband, kom det i 1970 ingen bøker. To uorganiserte forlag fekk innkjøpt ei bok kvar.

Til saman 7 bøker vart nekta godkjenning, anten av di dei ikkje kunne klassifiserast som skjønnlitteratur, vart påmelde etter at fristen var utløpt eller var utgjevne før 1970. Ingen bøker vart vraka på grunn av konsulentvurdering i 1970.

Som i fjar har ein prøvd å få bøkene eksperdert ut til biblioteka så tidleg som mogleg. Første sending, på 26 titlar, gjekk frå Biblioteksentralen 11. september, andre pulje, med 66 bøker, gjekk 28. november, medan resten vonleg kjem til å bli send i første halvdel av februar 1971.

Kostnader i samband med innkjøpsordninga.

Som vanleg kunne Rådet på den tid årsmeldinga for 1969 vart skriven, ikkje gi anna enn tilnærma tal på kva innkjøpsordninga for det året ville koste. Dei endelege kostnadene vart desse:

Kjøp av 1 000 eks. av 140 bøker kr. 1 760 300	
Innbinding, ekspedisjon m. v.	514 008
Frakt	34 797
Honorarforskott	462 443

Til saman	kr. 2 771 548
Etterhonorar for sal i 1969 (bøker utkomne 1967—69, betalt våren 1970	130 778
Sum	kr. 2 902 326

Av avsetjinga for 1969, kr. 3 200 000, vart det såleis att ein ubrukt sum på kr. 297 674. Medrekna dei ubrukte rådveldemidlane til litteratur (som først og fremst var tenkt som ein reserve til dekking av ei eventuell overskridning på innkjøpsordninga, jfr. årsmelding 1969, side 20 nederst), kr. 272 635, vart det ei samla innsparing for fondet på kr. 570 309.

I dette oversynet har vi, på same måten som i tidlegare årsmeldingar, teke med under totalkostnadene for 1969 dei etterhonorar som er betalt for sal i 1969 av bøker utkomne det året og dei to føregåande år, men som forлага ikkje kunne gi oppgjer for før i mai/juni 1970. Summen som da vart utbetalt, galtd såleis midlar avsette i 1969. For å få rekneskapsoversyn og budsjettår i takt, vil Rådet frå no av ta med i kostnadene for innkjøpsordninga kvart år dei etterhonorar som kjem til utbetaling i same termin. I budsjettet for 1971 er såleis rekna med ein sannsynleg sum til etterhonorering i mai/juni 1971 (for sal i 1970).

Som følgd av denne endringa, blir 1970 eit «friår» med omsyn til utgifter til etterhonorar, sett i høve til budsjettet.

Med dei reservasjonar ein som vanleg må ta før A/L Biblioteksentralen har levert endeleg avrekning for bokkjøp, innbinding, ekspedisjon og frakt, ser det ut til at kostnadene til innkjøpsordninga for 1970 blir om lag slik:

Kjøp av 158 000 bøker	ca. kr. 2 129 700
Innbinding, ekspedisjon m. v.	566 300
Frakt	40 000
Honorarforskott	569 200
Til saman	ca. kr. 3 305 200

Dette vil seie ei overskridning av den avsette summen på vel kr. 300 000. Meirutgifta skulle kunne dekkast innanfor det samla litteratur-budsjettet for 1970, der det står att ubrukte midlar på fleire andre postar.

Med omsyn til bokprisane for bøker innkjøpte hausten 1970, gir ein førebels analyse

av rekningane frå forlaga desse gjennomsnitts-tala (motsvarande tal for 1967, -68 og -69 i parentes):

Prosaverk kr. 27,51 (22,18 — 24,18 — 25,49)
Lyrikk » 19,11 (15,44 — 16,88 — 17,02)
Skodespel » 11,75 (16,25 — 20,00 — 18,37)

Spørsmål om justering av innkjøpsordninga.

Rådet viser til det departementet sa i St. melding nr. 16 for 1968—69 om at innkjøpsordninga bør haldast under nøyne observasjon, og likeeins til merknad frå Kyrkje- og undervisningskomitéen i Inst. S. nr. 92 (1968—69). Under budsjett-debatten i Stortinget 1. desember 1970 kom det fram nokre kritiske merknader, og det har også vore fleire presseinnlegg hausten 1970 med krav om at Rådet bør ta ordninga opp til ny vurdering.

Blant dei ting som Rådet sjølv har merka seg, er særleg den sterke auken i talet på lyrikk-debutantar. Rådet vil gjerne drøfte dette og andre spørsmål, mellom anna prisutviklinga, med dei to forleggjarorganisasjonane. Rådet har difor bede dei to forleggjarorganisasjonane og Den norske Forfatterforening til drøftingar om desse spørsmåla i januar 1971.

11. Stønad til barne- og ungdomslitteratur.

Ved Kgl. res. av 27. februar vart det sett av kr. 440 000, fordelt slik:

Innkjøp av barnebøker til fordeling på barnehemar, sjukehus, internat o. l.	kr. 185 000
Honorar-bonus til forfattarar, à kr. 3 000	» 100 000
Produksjonspremiar à kr. 5 000 til forlag for høg kvalitet i bok-utstyr og innhald	» 50 000
Førehandsstønad til produksjon av kunstnarleg illustrerte bilet-bøker	» 40 000
Til utgiving av engelsk/tysk katalog over norsk barnelitteratur	» 20 000
Til rådvelde	» 45 000
	kr. 440 000

Rådet ser på den såkalla «lille innkjøpsordninga» for barne- og ungdomslitteratur som eit vellukka tiltak. I alt er nå 371 barnevernsinstitusjonar og 29 lærarskolar med i tildelinga, og Rådet har fått ei rad takkeskriv der mottakarane seier seg glade for ordninga og vonar at ho vil halde fram.

Kyrkje- og undervisningsdepartementets rådgivande nemnd for skoleboksamlingar melde i mars 1970 at i alt 36 førsteutgåver av norske barne- og ungdomsbøker (utkomne i

1969) var godkjende. Desse bøkene (minus 2 som var utselde frå forlaget) vart som vanleg innkjøpte gjennom A/L Biblioteksentralen i 500 eksemplar. Lista følgjer som vedlegg nr. 8.

Samla innkjøpspris for bøkene (minus rabatt) og utgifter til ekspedisjon og frakt av bokpakkane var i alt kr. 194 614, det vil seie noko meir enn den avsette summen.

37 forfattarar fekk honorar-bonus med til saman kr. 111 000, som òg var noko meir enn kalkulert. Meirkostnadene kunne dekkjast av innsparte midlar på dei andre postane.

Etter tilråding frå Barnebokutvalet (sjå Kap. I, Utval og utgreningar) har Rådet delt ut produksjonspremiar på kr. 5 000 til 10 forlag, som påskjønning for bøker med særleg høg kvalitet i innhald og utstyr. Liste over dei premierte bøkene følgjer som vedlegg nr. 9.

Rådet har vidare, her òg etter tilråding frå Barnebokutvalet, løyvd produksjonstilskott til 4 bøker, til saman kr. 35 100:

Gyldendal Norsk Forlag til Reidar Johan Berle: «Om natten Skinner solen»	kr. 15 000
Gyldendal Norsk Forlag til Philip Newth: «Den aller største kanonen»	» 5 600
H. Aschehoug & Co. til Britt Hallqvist/Inger Hagerup: «Jeg skal spørre Gud», illustrert av Reidar Johan Berle	» 7 000
Noregs Boklag til Jan-Magnus Bruheim: «På langferd med Mjo Monsemann», illustrert av Eva Storsveen	» 7 500

Av midlar til rådvelde for barne- og ungdomslitteratur har Rådet gitt desse tilskotta: Gjøvik Bibliotek til «Barnebokens dag» kr. 2 240 Norsk Barneblad til betre utstyr » 7 500 Barnebladet Magne, til forfattar-tevling ved 80-årsjubileet 1971 .. » 5 000 Barnebladet Magne, til honorar .. » 12 000

Til saman er til stønad for barne- og ungdomslitteratur i 1970 brukt kr. 417 454.

Sentralbiblioteket for Hordaland har fått tilsegn om ei løyving på kr. 50 000, fordelt over to år (1971—72) til innkjøp av barnebøker for Bokbåten på Vestlandet.

12. Tilskott til verdfulle omsetjingar.

For 1970 var avsett kr. 140 000.

Etter tilråding frå dei to sakkunnige utvala (Klassikarkomitéen og Omsetjingskomitéen, jfr. kap. I, Utval og utgreningar) har Rådet løyvt kr. 122 500 til i alt 39 omsetjingar.

Omsetjingskomitéen som gir fråsegn om tilskott til bøker utkomne etter 1920, har tilrådd tilskott til 30 bøker, Klassikarkomitéen som handsamar søknadene om stønad til eldre utanlandsk litteratur, har tilrådd tilskott til 9 bøker.

Liste over omsetjingar som har fått tilskott følgjer som vedlegg nr. 10.

Omsetjingskomitéen har også eit medlem i juryen som peiker ut kandidaten til Kulturrådets omsetjarpris. Forfattaren Carl Hambro var oppnemnd. Han var formann i juryen som elles hadde desse medlemene: Leif Mæhle, utpeikt av Norsk Litteraturkritikarlag og Hans Braarvig, Birgit Gjernes og Birger Huse fra Norsk Oversetterforenings Bastianjury.

Sjå elles Litterære prisar, pkt. 6 ovanfor.

13. Andre tilskott.

Ved Kgl. res. 27. februar 1970 vart sett av kr. 270 000.

Rådet meinte det var bruk for ein så pass stor sum til reserve om budsjettet for innkjøpsordninga ikkje skulle halde (jfr. ovanfor pkt. 10). Som ein vil sjå av rekneskapsoversyna, viser det seg at denne reserven vil gå med i 1970.

I alt har Rådet gitt desse tilskotta av avsetjinga:

Den norske Forfatterforening, vederlag for lesesirkelavgift ...	kr. 35 000
Finnmark biblioteklag, til litteraturkurs	» 8 585
Valo Forlag, til kulturnummer av tidsskriftet «Idé»	» 5 000
Cultura Forlag, til kulturnummer av tidsskriftet «Senit»	» 6 000
Tidsskriftet «Norges kvinner» til spesialnummer om kvinner og litteratur	» 10 000
Norsk Forfattersentrum, kunstnarbussturné sommaren 1970 (jfr. pkt. 7, Opplysningsarbeid for norsk litteratur)	» 20 000
«Suttung», bokkjøp til studiegrupper	» 5 661
Norsk Litteraturkritikerlag, til ei undersøking av lønns- og honorarvilkår for litteraturkritikarar	» 1 500
Grøndahl & Søns Forlag, til utgiving av Erik Piersdorff (red.) «Ibsen på spill»	» 15 000
Universitetsforlaget, «Samisk årbok VII», (jfr. pkt. 9, Stønad til samisk litteratur)	» 2 000
Bladet «Nordkalott», til barnebladet «Manaide» og kjøp av teknisk utstyr (jfr. pkt. 9)	» 10 000

Karasjok bibliotek, kjøp av samisk litteratur (jfr. pkt. 9)	» 10 000
Mathis Mathisen, til nytt opplag av samisk songbok (jfr. pkt. 9)	» 2 500
Festspela i Nord-Noreg, til nytt sagaskodespel ved Vera Henriksen og Asbjørn Toms	» 15 000
Diverse konsulenthonorar	» 1 425

Til saman kr. 147 681

Som nemnt under pkt. 10 ovanfor vil resten av den avsette summen, kr. 122 329, venteleg gå med, så godt som heilt ut, til å dekkje underskottet på innkjøpsordninga 1970.

MUSIKK

Til saman har i 1970 komme inn 160 søknader med ein samla søknadssum kr. 7 332 222 (i 1969: 185 søknader med samla søknadssum kr. 4 671 689). 26 søknader nemnde ingen særskild sum.

Ved Kgl. res. av 30. januar 1970 vart avsett til:

Rikskskonsertane for 1970	kr. 1 650 000
Ved Kgl. res. av 27. februar 1970 vart gitt desse tilskott og fastsett slike avsetjingar:	
Kritisk-vitskapleg utgåve av Griegs verk	» 70 000
Festspillene i Bergen, ny oppsetjing av «Mot solen»	» 30 000
Sonja Henies og Nils Onstads Stiftelser, oppsetjing av «Drømmen om Therése»	» 50 000
Musikkpris 1970	» 15 000
Den Norske Opera, tinging av opera ved Alfred Janson	» 30 000

Til saman kr. 1 845 000

Avsetjingar:

- Utgiving av musikk på plater og som noter, musikklitteratur
- Tilskott til kjøp av instrument
- Tilskott profesjonell instruksjon
- Innsamling, registrering o. a., tiltak for norsk folkemusikk og folkedans
- Til rådvelde for andre musikktiltak

Til saman kr. 2 500 000

Merknader:

Rikskonsertane. Ved Kgl. res. av 30. januar 1970 vart avsett kr. 1 650 000 til prøvedrifta for 1970. Dessutan betalte Kulturrådet inn til Rikskonsertane kr. 43 632, som var ei tidlegare løying til Musikkens Venners Landsforbund til turnéverksemd, og ikkje nyttta av forbundet. Etter vedtak i Rådet 9. september fekk Rikskonsertane ei tilleggs-løying på kr. 105 000 av avsetjing til Andre formål, til å halde oppe verksemda hausten 1970.

Etter vedtak i Kulturrådet godkjent av departementet, vart mandatet for styre og råd, og engasjement av personalet forlengja ut 1971 etter at departementet hadde fastsett at prøvedrifta skulle halde fram eitt år til, til 1. januar 1972. Styret har bede om at departementet gir tilsegner til det engasjerte personalet om fast tilsetjing frå det tidspunktet Rikskonsertane kjem inn på statsbudsjettet. Tenestemannsorganisasjonane har teke opp dette spørsmålet med departementet, og bede om tingingar.

Rikskonsertane hadde søkt om kr. 2 154 000 for 1970, men Rådet fann at summen måtte reduserast til kr. 1 650 000. Styret peikte på at administrasjonen var underbemannaa, og at verksemda måtte utvidast noko, særleg med omsyn på skolekonsertane.

Rikskonsertane har i 1970 arrangert og gitt tilskott til i alt 1 241 konsertar og forestillinger (1969: 992) med 251 einskildkunstnarar og ensemble på 269 stader (1969: 218 stader).

Alle konsertane har vore baserte på at interesserte i distrikta har stått for det lokale arrangementet: skolar, lokale lag av Musikkens Venner, konsertlag, kommunale kulturutval, kyrkjelydråd, orkesterforeiningar, kor, sosiale institusjonar m. v.

Rikskonsertane har òg hatt samarbeid med Den Norske Opera, Riksteatret, Nationaltheatret, Folkeakademienes Landsforbund, LO's kulturutval/lokalavdelingar av AOF, Festspela i Bergen og Nord-Noreg, jazzfestivalane i Molde og Kongsberg, Ny Musikk, Norsk Forfattersentrum, Henie-Onstad Stiftelsene m. fl.

255 av konsertane vart førebudde og lagt opp av Rikskonsertane som «fellesturnéar», like eins 264 pedagogisk tilrettelagde og vel førebudde skolekonsertar.

Av dei i alt 251 einskildkunstnarane (solistane) og ensemblea som tok del i arrangementa i 1970, var 35 kammerensemble (21 norske), 41 amatørorkester (alle norske), 21 kor (20 norske), 5 korps (alle norske), og 149 einskildkunstnarar (solistar) som fordelte seg slik: 38 pianistar (30 norske), 12 fiolinistar (6 norske), 36 vokalistar (29 norske), og på

andre instrument 63 (av desse 51 norske).

Rikskonsertane legg stor vekt på styrking av lokale musikkmiljø, og 181 konsertar er skipa til i samarbeid med lokale amatør-orkester og kor. Dessutan har det vore gitt tilskott til profesjonell instruksjon av 13 amatørorkester og til eit kurs for ungdomsleiarar.

Skolekonsertar er gitt for elevar frå 250 skolar: barne- og ungdomsskolar, gymnas, yrkesskolar og lærarskolar. Hovudvekta har også i 1970 vore lagt på dei to forsøksområda Sandefjord og Namdalen, og Rogaland.

Det er i 1970 også arrangert ein turné til spesialskolane.

Collegium Musicum, Sandnes, eit ensemble hovudsakeleg sett saman av musikkklærarar med redusert lesetid, har i alt gitt 51 skolekonsertar i Rogaland i samarbeid med Rikskonsertane.

Det har vore halde eit musikkseminar over ei veke på ein folkehøgskole med musikkstuderande som forelesarar.

119 konsertar er gitt i samarbeid med Folkeakademia; dessutan er halde 209 oppsökande konsertar og tiltak i sjukehus, fengsel, aldersheimar, ungdomslag, viseklubbar m. m.

Årsmeldinga for 1970 frå Rikskonsertane følgjer som vedlegg nr. 11.

Kritisk-vitskapleg utgåve av Griegs verk. Professor, dr. Olav Gurvin har etter eige ønske gått ut av komitéen, og Kyrkje- og undervisningsdepartementet har oppnemnt professor Hampus Huldt-Nystrøm som nytt medlem. Statuttar for komitéen, godkjende av departementet, fylgjer årsmeldinga som uprenta vedlegg. Dosent Dag Schjelderup-Ebbe er formann, og cand. philol. Håkon Stødle er ny redaksjonssekretær. Peters Verlag, Frankfurt, har meldt frå at forlaget er viljig til å ta på seg oppgåva og gi ut verket. Subskripsjonsinnbydingar vil bli sende til bibliotek og utdanningsinstitusjonar over heile verda. Komitéen opplyser at det har komme for dagen ei heil samling manuskript i Leipzig. Innlevering av ei rad band har komitéen difor måttu utsetje, og pr. 30. november 1970 var berre levert 3 ferdige band. Fleire band er nær fullføring. Komitéen har no opplyst at utgåva vil få i alt 22 band.

Festspillene i Bergen. «Mot solen». Rådet løyvde i 1968/69 til saman kr. 200 000 til «Mot solen», lyrisk-musikalsk spel bygd over Edvard Munchs liv og kunst. Spelet vart framført ved Festspillene i 1969 og vart godt motteke av presse og publikum. Det var ønske om gjestespel både på Nationaltheatret og utanlands. Nationaltheatret og

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Festspillene i Bergen gjekk saman om ei ny oppsetjing i 1970. Spelet vart på nytt framført ved Festspillene i 1970 og på Nationaltheatret. Samstundes vart det produsert ei framsyning for fjernsyn i fargar med tanke på sending over Eurovisjons-nettet. Det var ikkje mogleg å halde ensemblet saman for gjennomføring av gjestespel utanlands i 1970. Men Nationaltheatret og Munchmuseet har planar om å gå saman om ei framføring hausten 1971 i samband med ei Munch-veke. Planane om gjestespel utanlands vil om mogleg bli gjennomført samstundes. Rådet ga kr. 30 000 til nyoppsetjinga 1970.

Sonja Henies og Niels Onstads Stiftelser. Rådet har løyvd kr. 50 000 til oppsetjing av «Drømmen om Therése», opera av Lars Johan Werle ved operasjef Lars Runsten. Skulle ei slik oppsetjing kunne gjennomførast i Noreg, var det turvande med særskilde lokale og særskilt teknisk utstyr, m. a. elektrofon.

Musikkpris 1970. Etter framlegg fra Statens Musikkråd og Norsk Komponistforening la Musikkutvalet fram for Rådet retningsliner for ein årleg musikkpris i ein prøveperiode. Rådet sette av kr. 15 000. Prisen vart i 1970 gitt til Arne Nordheim for eit særverksamt år, med komposisjon av 4 større verk, førstegangsframført i året i inn- og utland.

Den Norske Opera fekk kr. 30 000 til tinging av ein ny norsk opera ved Alfred Janson. Denne tinginga vart seinare gjort til ei nordisk sak, slik at verket vart tinga frå alle operascenene i Norden. Noko av denne løvinga kunne dimed nyttast til tilskott til honorar til Fliflet Bræin for operaen «Anne Pedersdotter».

1. Utgiving av musikk på plater eller som noter, og musikk litteratur.

Søknadene har vore vurdert av Musikkutvalet. (Jfr. kap. I, Utval og utgreiingar.)

Rådet har gitt desse tilskotta:

Norsk Komponistforening, innspeling av orkester- og kammermusikkverk kr. 160 000
 Norsk Komponistforening, innspeling av Knut Nystedt: «Brennofferet» for resitasjon, kor og orkester » 16 000
 (Samla løying kr. 50 000, sjå pkt. 5 nedanfor (kr. 4 000) og Andre formål (kr. 30 000)).
 Akershus Sanger forbund, LP-

plate med a capella-songar	»	5 000
Arne Bendiksen A/S Norsk Musikkproduksjon, LP-plate med folkemusikk frå Telemark	»	10 600
Harald Lyche & Co., trykking av desse verka:		
Fartein Valen: Ephithalamion,		
Klaus Egge: Blåsekvintett og Strykekvarsett	»	11 880
Musikkhuset A/S, trykking av Hellige Tre Kongers-spelet frå Oberufer, garanti mot underskott over ein 3-års periode ..	»	4 000
Wilhelm Hansen Musikk-Forlag, København, tilskott til trykking av desse verka:		
Antonio Bibalo: Concerto og Alfred Janson: Nocturne og Canon	»	7 000
Udisponert	»	520
Til saman	kr.	215 000

Etter søknad frå Ny Musikk vart ei løyving frå 1968 på kr. 15 000 til gjestespel med Per Nørgaards Babel dregen attende, da gjestespelen ikkje har kunna gjennomførast, og kr. 14 900 av denne summen vart gitt til innspeling av «Popofoni-konserten», populærkomposisjonar ved Kåre Kolberg, Arne Nordheim, Terje Rypdal og Gunnar Sønsteved.

Rådet løyde i 1968 kr. 3 000 til Jan Henrik Kayser som garanti til innspeling av LP-plate med Grieg: Lyriske stykker og Ballade. Jan Henrik Kayser har i 1970 betalt attende til Fondet kr. 687,38.

Løyvinga til Norsk Komponistforening på kr. 160 000 er nytta til desse innspelingane:

Orkesterverk :

Harald Sæverud: Peer Gynt.
 Harald Sæverud: Sinfonia Dolorosa.
 David Monrad Johansen: Pan.
 Klaus Egge: Symfoni nr. 4.
 Finn Mortensen: Fantasi for klaver og orkester.
 Johan Kvandal: Concerto for fløyte og strykere.
 Edv. Hagerup Bull: Trompetkonsert nr. 1.
 Sigurd Berge: Chroma.
 Finn Arnestad: Cacatina Combiata.

Kammermusikkverk :

Ein «Sparre Olsen-plate» med 7 Krokannsongar, 4 korsongar, «Blåsekvintett» og Variasjonar over ein norsk folketone.
 Harald Sæverud: 6 sonatiner.
 Sverre Jordan: 5 romanser.
 Alf Hurum: 3 akvareller.
 Alfred Janson: Tema.
 Finn Mortensen: Blåsekvintett.

Styret i Norsk Komponistforening har hatt eit samtalemøte med Musikkutvalet og drøft dei problema som norsk skapande tonekunst har når det gjeld å gjere norske musikkverk kjente innan- og utanlands. Forutan innspeiling av verk på grammofon vil det vere turvande m. a.: 1. Oppkjøp og distribuering av plater, 2. Trykking og utgjeving av noter, 3. Musikkinformasjon gjennom arrangement av komponistkveldar og seminar. Komponistforeninga meiner det er turvande med eit informasjonskontor til å koordinere desse tiltaka. Styret i Norsk Komponistforening vil arbeide vidare med planane og sende konkrete framlegg til Rådet.

Rådet ba komponisten Øistein Sommerfeldt greie ut saka om ein klassikarserie på LP-plater og trykt som noter. Sommerfeldt har gitt si utgreiing og gjort framlegg om klassisk norsk musikk innspelt i 5 seriar og ein serie med noter. Rådet har vedtatt å oppnemne eit redaksjonsutval, og har sett av kr. 100 000 for 1971 til førebuing av dei første innspelingane.

Etter eige initiativ har komponisten Arne Dørumsgaard sendt Rådet ei utgreiing om innspeiling av klassisk norsk musikk på verdsmarknaden: «Norsk musikk i faresonen». Rådet sende utgreiinga til Øistein Sommerfeldt, som har meldt frå at ho hadde vore til hjelp for han i utgreiingsarbeidet om klassikarserien. Rådet løyvde kr. 3 000 i honorar til Arne Dørumsgaard. (Sjå: Andre formål). Utgreiinga frå Arne Dørumsgaard er send til interesserte organisasjonar og institusjonar.

2. Tilskott til kjøp av konsertinstrument.

Tilskott er fyrst og fremst gitt til symfoniorkester som driv konsertverksemd. Tilskott har vore gitt til flygel til samfunnshus, der flygel har vore ein føresetnad for riksconsertgjesting. Søknadene har vore vurdert i samarbeid med NASOL og Riksconsertane.

Desse tilskotta er gitt:

Flygel, piano:

Berlevåg kulturnemnd, piano ..	kr. 3 000
Stor-Elvdal kulturråd, flygel ..	» 8 000
Eidsvoll kulturutvalg, flygel ..	» 8 000
A/L Sandvollan samfunnshus, piano	» 4 000
Sykylven samfunnshus, flygel ..	» 8 000
Tromsø kommune, flygel	» 8 000
Musikkens Venner, Arendal, flygel	» 8 000
Levanger kulturutvalg, flygel ..	» 6 000
Trysil kommunale kulturutvalg, flygel	» 8 000
Ibestad samfunnshus, Hamnvik, flygel	» 8 000

Namdal Symfoniorkester, flygel, (Grong samfunnshus)	» 8 000
Den samiske folkehøgskolen, Karasjok, flygel	» 6 000
Tana kulturnemnd, flygel	» 7 000
Herøy konserlag, flygel	» 8 000
	kr. 98 000
<i>Andre instrument:</i>	
Kristiansand Byorkester, div. instrument	kr. 5 000
Narvik Byorkester, fløyte og klarinett	» 3 000
Tromsø Byorkester, fløyte, obo, fagott	» 4 000
Moss Orkesterforening, fagott ..	» 2 000
Midt-Trøndelag Orkesterforening, fagott, obo	» 4 000
Sykylven Orkester, instrument ..	» 2 000
Solør - Sør-Østerdal Orkesterforening, waldbhorn	» 2 000
Studentorkestret i Oslo, paukar ..	» 2 000
Inntrøndelag Symfoniorkester, horn	» 2 000
Molde Orkesterforening, instrument	» 6 000
Drammen Byorkester, bratsj ..	» 2 000
Romerike Symfoniorkester, instrument	» 3 500
Brumunddal Orkesterforening, waldbhorn	» 2 500
Hareid og Ullstein fellesorkester, horn og obo	» 2 000
Til saman	kr. 42 000
I alt til instrument	kr. 140 000

Dessutan er tilskott gitt til: Symfoniorkestret i Stavanger, til harpe, av avsetjing til generell disposisjon (sjå Andre formål)	kr. 25 000
og til Bodø Domkirke, cembalo	» 10 000

3. Profesjonell instruksjon av amatør-symfoniorkester.

I samråd med Riksconsertane vart den summen som var avsett til dette formålet, kr. 40 000, overført dit til fordeling. Dei søknadene som var komne til Norsk kulturråd vart difor sende Riksconsertane. Sjå ovanfor, Riksconsertane.

4. Innsamling, registrering og andre tiltak for norsk folkemusikk og folkedans.

Det ad hoc utvalet som Rådet oppnemnde 1969 har lagt fram si innstilling om tiltak for

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

norsk folkemusikk og folkedans. Rådet har drøfta innstillinga, og sende si tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet i november 1970. Innstillinga frå utvalet er prenta og vil bli send Stortinget. Fråsegn frå Kulturrådet til Kyrkje- og undervisningsdepartementet følgjer som uprenta vedlegg. Rådet vil drøfte saka om norsk folkemusikk med Norges almenvitenskapelige forskningsråd på nyåret 1971.

Det nedsette ad hoc utvalet for norsk folkemusikk og -dans har i 1970 òg gitt tilråding om tilskott av dei midlane som vart avsett til tiltak for folkemusikk og folkedans.

Rådet har gitt desse tilskotta:	
Bergens krins av Noregs Ungdomslag, 3. internasjonale folkedans-gilde	kr. 10 000
Musikkonsulent Torbjørn Dahl, folkemusikkseminar for leik-lærarar	» 10 000
Norsk Folkemusikkinstift, innsamling av folkemusikk	» 12 000
Landslaget for Spelemenn, domarkurs 1970	» 4 000
Noregs Ungdomslag, innsamling, nedteikning og filming av folkedans, ved Egil Bakka	» 10 000
Noregs Ungdomslag og Landslaget for Spelemenn, kurs for spelemenn Bygdedansnemndi i Landslaget for Spelemenn, innsamling av bygdedans	» 4 000
Noregs Boklag, rettleiingsbok i gamle dansar, samla av Egil Bakka	» 5 000
Til saman	kr. 60 000

Dessutan er tilskott gitt av midlar til generell disposisjon (sjå nedanfor, Andre formål) til:

Torkjell Haugeruds Minnefond, seminar for utvikling av den tekniske sida av hardingfelespelet .. kr. 6 500

Av rådveldemidlar til andre musikktiltak (sjå neste avsnitt) er gitt:

Noregs Boklag, artikkelsamling om norsk folkemusikk til Eivind Grovens 70-års dag

» 8 000

5. Til råveldene for andre musikktiltak.

Rådet har gitt desse tilskotta:	
Oslo Kunstforening, elektronisk lydband ved Kåre Kolberg til utstilling av målarstykke av Anders Kjær	kr. 2 000
Landslaget Musikk i Skolen, konferanse i Stavanger, mai 1970 ..	» 17 524
Norges Organistforbund, kompo-	

nistkonkurranse	» 15 000
Oslo Håndverkerforenings Sangkor, jubileumskonsert	» 3 500
Landskoret i Norges Kristelige Ungdomsforbund, jubileumskonsert	» 10 000
Jazzfestivalen i Molde, framføring av Fred Nøddelunds «Atlantis»	» 8 000
Festspela i Nord-Noreg, samling av nord-norske jazz-musikkarar ..	» 11 700
«Studentenes Vårkonsert», Trondheim, framføring av verk av David Monrad-Johansen ..	» 2 000
Bodø Domkirke, ved organist Ove Sundberg, cembalo til musikalsk verksemd	» 10 000
Norsk Jazzforum, originalskriven jazzmusikk av Egil Kapstad, Jan Garbarek, Fred Nøddelund og Terje Rypdal, honorar	» 6 000
Ny Musikk, nordisk uke, samarbeidskonsert med Filharmonisk Selskaps Orkester og til «Møt Komponisten»-program	» 19 500
Ny Musikk, reise for 6 musikkarar til Festspela i Nord-Noreg	» 5 000
Påskefestuka i Oslo, til konkurransen «Ungdommen synger og spiller»	» 6 500
Ny Musikk, tingingsverk for skolestrykeorkester av Sigurd Berge, Kåre Kolberg, Finn Mortensen og Terje Rypdal	» 6 000
Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund, NASOL, orkesterkurs	» 10 000
Oslo Damekor, 100-års jubileumskonsert	» 2 200
Norges Musikkhandlerforbund, «Ungdommens Pianomestre 1970»	» 6 000
Det Nord-Norske Symfoniorkesteret, orkestersamling ved Festspela i Nord-Noreg, juni 1970 ..	» 8 000
Noregs Boklag, artikkelsamling om norsk folkemusikk til Eivind Grovens 70-års dag	» 8 000
Arne Bendiksen A/S, Norsk Musikproduksjon, innspeiling av Ruth Sommerfeldt Jacobsen: Musikkborder, til dekking av musikergasjar og honorar til dirigent og kommentator	» 15 000
Forum Experimentale, tingingsverk av Knut Nystedt og Egil Hovland som ein lekk i arbeidet med å fornye kyrkjemusikken ..	» 11 000
Harry Kvebæk, til kurs for fysisk utvikling av blåsarar	» 6 600

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Norsk Komponistforening, innspeling av Knut Nystedt:	
«Brennofferet» (sjå Utgiving av musikk, pkt. 1 ovanfor)	» 4 000
Musikk Forum, Bergen,	
Beethoven-seminar	» 4 000
Ålesund Symfoniorkester, solist-honorar ved 25-års jubileums-konsert, samla løyving kr. 3 000.	
(Sjå Andre formål)	» 2 476
	<u>kr. 200 000</u>

Dessutan er desse tilskotta gitt av midlar til generell disposisjon (sjå nedanfor, Andre formål):

Tilleggsøyving til elektronisk avspelingsutstyr ved Rikskonser-tane	kr. 10 000
Musikkonservatoriet i Oslo, komponistklassen til ekskursjon til Warszawa til XIV International Festival of Contemporary Music »	7 300
Den Norske Studentersangforening, tilskott til 125-års jubi-umskonsert	» 5 300

Kulturrådet har i 1970 gitt Utanriksdepartementet tilsegn om at det vil avsetje kr. 40 000 av fondsmidlar i 1973 til ein turné i USA for Filharmonisk Selskaps Orkester.

BILETKUNST OG BRUKSKUNST

I 1970 kom inn i alt 176 søknader (i 1969: 145), med ein samla søknadssum på vel 4,1 mill. kroner. 42 av desse nemner ikkje søknadssum. Søknader om større tilskott til reparasjoner, ombygging av kunstgalleri eller til nybygg er rekna med under *kulturbrygg*. Søknader om lån frå Materialfondet er ikkje tekne med i desse tala.

Ved Kgl. res. 27. februar 1970 vart gitt desse tilskotta og gjort vedtak om slike avsetjingar:

<i>Spesifiserte tiltak.</i>	
Tromsdalen kyrkje, glassmålar-arbeid utført av målaren Victor Smith	kr. 100 000
<i>Avsetjingar.</i>	
1. Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg ..	» 1 250 000
2. Kjøp av norsk samtidskunst »	150 000
3. Kjøp av samisk kunst og brukskunst	» 30 000
4. Stønad til debuterande kunstnarar	» 30 000
5. Til rådvælde for utstillingar og andre eingongstiltak	» 640 000
6. Avsetjing til Materialfondet »	200 000
<i>Til saman</i>	<u>kr. 2 400 000</u>

1. Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg.

Rådet viser til tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 17. oktober 1966 med framlegg til nye retningslinjer for tilskott til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg (sjå årsmelding 1966, vedlegg nr. 6). I tilrådinga seier Rådet at det kjenner seg forplikta ikkje berre overfor statsbygg, men for offentlege bygg og anlegg i det heile. Rådet gjer framlegg om at nye statsbygg blir skilte ut som eiga gruppe. Kunstnarleg utsmykking av slike bygg bør vere ein del av sjølvje oppgåva, såleis at kostnadene blir rekna med ved kalkylen. Rådet meiner at tilskott av fondsmidlar berre bør bli gitt til kunstnarleg utsmykking av eldre statsbygg og andre offentlege nye og eldre bygg og anlegg.

I årsmeldingane for 1967, 1968 og 1969 understreker Rådet at dersom tilskott til kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg framleis må finansierast av Kulturfondet, kan det bli naudsynt med ei sterk avgrensing av tilskott til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg. Løyvingane til kunstnarleg utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg har gått ned frå kr. 374 000 i 1967 til kr. 161 000 i 1969. I 1970 har slike lokale offentlege bygg berre fått kr. 60 000 av fondsmidlar til kunstnarleg utsmykking.

I 1970 har Rådet ikkje kunna gi nye løyingar på meir enn til saman kr. 260 000 til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg. Resten av avsetjinga, kr. 990 000, er gått med til å dekkje tilsegner gitt i tidlegare år.

Som nemnt i årsmeldinga for 1969 har Rådets utval for kunstnarleg utsmykking peikt på at ei avsetjing på om lag 1 mill. kroner til kunstnarleg utsmykking berre vil dekkje aktuelle utsmykkingsoppgåver ved våre universitet og høgskolar i åra framover. Når det gjeld reising av nye statsbygg som høver for kunstnarleg utsmykking, vil det etter dei taloppgåvene som utsmykkingsutvalet har henta frå langtidsprogrammet 1970—73 bli investert gjennomsnittleg 500 mill. kroner årleg. Om ein brukte berre 1 prosent av byggjesummen til kunstnarleg utsmykking, ville ein trenge 5 mill. kroner årleg til å løyse utsmykkingsoppgåvene ved nye statsbygg. I tillegg kjem så dei store uløyste oppgåvene med kunstnarleg utsmykking av eldre statsbygg, og nye og eldre lokale offentlege bygg. Utsmykkingsutvalet reknar til dømes med at det etter krigen er reist over 500 skulebygg som i dag er fri for original biletkunst. Kunne ein gi eit tilskott på kr. 20 000 frå Kulturfondet

Norsk kulturfond — Arsmelding 1970.

til kvar skule, ville ein måtte rekne med 10 mill. kronar til skulebygg åleine.

I 1970 har Rådet fått i alt 60 søknader og endå fleire førespurnader om tilskott til kunstnarleg utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg som barne- og ungdomsskular, gymnas, sjukehus, aldersheimar, kyrkjer, rådhus o. l. Ingen av desse søknadene eller førespurnadene har Rådet kunna gje ei positiv handsaming i 1970.

Norsk kulturråd vil difor på nytt seie frå om at det vonar Kyrkje- og undervisningsdepartementet kan ta denne saka opp att til ny vurdering.

*Kunstnarverkstaden ved Universitetet
i Bergen.*

I 1970 har kunstnargruppa ved kunstnarverkstaden i Bergen lagt fram utkast til kunstnarleg utsmykking av Universitetet og Haukeland Sykehus sjukepleieskule. Den danske bilethoggaren Søren Georg Jensen har laga eit utkast til ein 3—4 meter høg skulptur i granitt til plassen foran HF-bygget. Odd Tandberg har laga utkast til ei «rislefontene» utført i naturbetong. Skulpturen vil bli reist på plassen mellom HF-bygget og Sydneshaugen skule. Både desse skulpturane er godkjente til oppføring av utsmykkingsutvalet ved Universitetet i Bergen og Norsk kulturråds utval for kunstnarleg utsmykking. Arne Vinje Gunnerud har laga utkast til utsmykking av pipa på terrassen vest for Studentsentret. Kunstnaren vil arbeide vidare med utkastet og ein vonar at kunstverket kan bli realisert i 1972—73. Skulpturane til Søren Georg Jensen og Odd Tandberg vil bli sett opp i 1971—72.

Kunstnarane Eilif Amundsen, Olav Hermann-Hansen og Per Remfeldt har laga kvart sitt utkast til kunstnarleg utsmykking av Haukeland Sykehus, sjukepleieskulen. Utkasta er lagt fram for eit lokalt utsmykkingsutval og Norsk kulturråds utval for kunstnarleg utsmykking, og kunstverka vil bli oppførte i 1971.

Alle utkast til kunstnarleg utsmykking av Universitetet i Bergen og Haukeland Sykehus sjukepleieskule vart framviste på utstillinga «Universitetsutsmykkerne i Bergen» i Bergen Billedgalleri i mai/juni 1970.

Konkurranse om kunst i leikemiljø.

I 1970 lyste Rådet i samarbeid med Norsk Billedhoggerforening ut ein idékonkurranse om utforming av kunst i leikemiljø. I alt kom inn heile 120 utkast til leikeskulpturar. Juryen premierte 16 av idéutkasta. Dei premierte utkasta vart framviste på utstillingar i Oslo og Trondheim i april/mai 1970. Norsk Billedhog-

gerforening arbeider med planer om å få laga nokre av idéutkasta i seriar med tanke på å få produsert gode og billige leikeskulpturar som kan plasserast i barnehagar, barneskular, leikeplassar o. l.

Desse tilskottet er gitt i 1970:

Universitetet i Bergen,	
Kunstnarverkstaden	kr. 100 000
Universitetet i Trondheim, Den tekniske høgskolen. Konkurranse om kunstnarleg utsmykking.	
(Omframlyving)	» 50 000
Øvre Årdal ungdomsskule. Tre-relieff av Inggard Rosseland ..	» 10 000
De Samiske Samlinger i Karasjok. Betongrelieff av Iver Jåks	» 50 000
Til førebuande arbeid, konsulenter og kunstnarhonorar	» 50 000
Til saman	kr. 260 000

I 1970 er dessutan utbetalt desse tilskotta i samsvar med tilsegn gitt i åra 1967—69: Karasjok statsinternat. Skulptur av Aase Texmon Rygh (tilsegn

1967)	kr. 30 500
Nordkapp kommune, Honningsvåg. Skulptur av Erling Såtvædt og relief av Irma Salo Jæger (tilsegn 1967)	» 30 000
Sørlandets tekniske skule, Grimstad. Veggdekorasjon av Irma Salo Jæger (tilsegn 1967)	» 100 000
Fylkeshuset i Hamar. Skulptur av Kåre Orud (tilsegn 1968) ..	» 50 000
Norsk Billedhoggerforening. Konkurranse om utforming av leike- og klatrekonstruksjonar (tilsegn 1969)	» 80 000
Universitetet i Bergen:	
a. Universitetsbiblioteket. Veggdekorasjon av Else Hagen (tilsegn 1969)	» 50 000
b. Kunstnarverkstaden. Utgifter til drift av verkstaden (tilsegn 1969)	» 9 000
Haukeland Sykehus. Utkast til kunstnarleg utsmykking frå kunstnarane Eilif Amundsen, Olav Hermann-Hansen og Per Remfeldt (tilsegn 1969)	» 30 000
Norges Idrettshøgskole. Kjøp av fri kunst (tilsegn 1969)	» 70 000
Norges Landbrukskole. Utsmykking av Auditorium Maximum ved Inger Sitter og Gunnar S. Gundersen (tilsegn 1969) ...	» 150 000
Seida statsinternat. Relief av Dagny og Finn Hald (tilsegn 1969)	» 20 000

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Universitetet i Trondheim, Den tekniske høgskolen:		Sentralsjukehuset i Fredrikstad.	
a. Konkurranse om kunstnarleg utsmykking	» 50 000	Kjøp av fri kunst (tilsegn 1970)	» 65 000
b. Utkast til kunstnarleg utsmykking (tilsegn 1969)	» 15 000	Rikshospitalet. Veggdekorasjoner av Ludvig Eikaas (tilsegn 1970)	» 110 000
Stavanger Posthus. Skulptur av Trond Botnen (tilsegn 1969) ..	» 50 000	Andøy kommune. Utsmykking av Andøy Rådhus av kunstnarane Marit Bockelie, Jan Sture Jarlum, Karl Erik Harr og Åse Tellefsen (tilsegn 1970)	» 60 000
Bygdøy kyrkje. Relief av Ørnulf Bast (tilsegn 1969)	» 12 000	Lillegården offentlege skole, Porsgrunn. Skulpturar av Dyre Vaa (tilsegn 1970)	» 35 000
Norges veterinærhøgskole.		Haukeland Sykehus sjukepleierskole. Utsmykking av Eilif Amundsen, Olav Hermann-Hansen og Per Remfeldt (tilsegn 1970)	» 65 000
Skulptur av Finn-Henrik Bodvin (tilsegn 1969)	» 25 000	Universitetet i Bergen. Kunstarwerkstaden. Skulpturar av Søren Jensen og Odd Tandberg (tilsegn 1970)	» 250 000
Namsos kyrkje. Trerelieff av Bjarne Rise (tilsegn 1969)	» 15 000	Universitetet i Oslo. Skulptur av Stefanny Hillgård og relief av Frantz Widerberg (tilsegn 1970)	» 120 000
Eidsvoll kulturutvalg. Målarstykke av Arne Ekeland (tilsegn 1969)	» 25 000	Førde Posthus. Relief av Ludvig Eikaas (tilsegn 1970)	» 50 000
Eidsvoll Kunstforening. Skulptur av Sigrid Welhaven (tilsegn 1969)	» 2 000	Til saman	<u>kr. 939 500</u>
Ringerikes kulturutvalg. Skulptur av Skule Waksvik (tilsegn 1969)	» 12 000		
Gausdal offentlege skole. Skulptur av Berit Soot Kløvig (tilsegn 1969)	» 50 000		
Solheim offentlege skole. Skulptur av Nelly Hansen (tilsegn 1968)	» 20 000		
Stavanger lærarskole. Skulptur av Agnes Houg (tilsegn 1969) ..	» 80 000		
Stord lærarskole. Relief av Alf Rognved (tilsegn 1969)	» 15 000		
Til saman	<u>kr. 990 500</u>		

I alt er såleis til kunstnarleg utsmykking i 1970 brukt kr. 1 250 500.

Utanom løyvingane og utbetaling av tilsegner gitt tidlegare har Rådet gitt nye tilsegner i 1970 på til saman kr. 755 000 til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg. Rådet må gjere dette, avdi det ofte tek lang tid frå førebuing til eit kunstverk er ferdig. Særleg når det gjeld større monumentale arbeid, har Rådet difor delt løyvinga til kunstnarleg utsmykking over fleire år.

Storparten av tilsegnene nemnt nedanfor må betalast ut i 1971.

Bergen offentlege lærarskole.

Skulptur av Asbjørg Borgfelt (tilsegn 1966)

kr. 89 500

Statens sjukehus for epileptikarar, Solberg. Biletvev av Sidsel Bergløff/Sidsel Colbjørnsen (tilsegn 1969)

» 25 000

Norges Idrettshøgskole. Innkjøp av fri kunst (tilsegn 1969)

» 70 000

Tilskott eller nye tilsegner om løyvingar til kunstnarleg utsmykking gitt i 1970 fordeler seg slik:

kr. 235 000 til nye statsbygg

» 470 000 til eldre statsbygg

» 260 000 til kommunale eller fylkeskommunale bygg.

2. Kjøp av norsk samtidskunst.

Som ei prøveordning for 2 år vedtok Rådet i 1968 å sette ned eit utval til kjøp av norsk samtidskunst. Utvalet kom i gang med arbeidet i november 1968 og Rådet bad utvalet om å fungere ut desember 1970.

Utvalet for kjøp av norsk samtidskunst har til oppgåve gjennom kjøp å sikre for det offentlege kunstverk innafor områda målarstykke, skulptur og grafikk som utvalet meiner har særskild kunstnarleg verdi. Kjøp bør kunne stimulere mot og interesse hjå kunstnaren til å lage kunstverk utan omsyn til mogleg sal. Kjøpa har ikkje som mål å skape ei kunstsamling med indre samanheng eller annan representativ natur. Sjå retningslinene for utvalets arbeid i årsmeldinga for 1968.

Ein føresetnad for at prøveordninga med kjøp av norsk samtidskunst skulle halde fram, var at ein kunne finne ei løysing på problemet om administrasjon og mellombels lagring av kjøpte kunstverk. Dette problemet er nå

Norsk kulturfond — Arsmelding 1970.

løyst. Oslo Kunstforening har mot ei godt-gjersle tatt på seg arbeidet med mellombels lagring av kunstverka og administrasjon av verksemda til utvalet.

Kunstverk som er kjøpt i åra 1968 og 1969 (sjå årsmeldinga 1969) er synt fram for ålmenta på utstillingar i Oslo og Trondheim. Diverre har ikkje andre utstillingsbyar hatt høve til å ta imot utstillinga.

Av kunstverk kjøpt i åra 1968 og 1969 har Rådet disponert desse:

Monument over Johanne Dybwad av Per Ung er gitt som gavé til Drammen Teater ved 100-årsjubileet. Eit målarstykke av Per Rom og 15 grafiske blad er gitt til Statens lånekasse for utdanning. Biletveven «Il Canto de S Cecilia» av Synnøve Aurdal vil Rådet gi som gavé ved opninga av Grieghallen. Rådet har dessutan gitt tilsegner til Universitetet i Tromsø og Sosialskolen i Trondheim om at desse institusjonane skal få tildelt nokre av dei kunstverka som utvalet har kjøpt.

Elles har Rådet vedtatt at dei kunstverka som er kjøpt i 1968—69 skal gå til samfunnshus i Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nordland, Troms og Finnmark. I samarbeid med Statens ungdoms- og idrettskontor arbeider utvalet med denne fordelingsoppgåva.

I 1970 har utvalet vitja utstillingsinstitusjonar i Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø. Ved vitjing i utstillingsbyar utanfor Oslo kjøper utvalet alltid kunstverk som er laga av kunstnarar frå distriktet. Utvalet kjøper ikkje kunstverk frå kunstnarar frå Oslo når desse stiller ut utanfor hovudstaden. I 1970 har utvalet kjøpt 50 målarstykker, 7 skulpturar og 51 grafiske blad. Sjå vedlegg nr. 11.

3. Kjøp av samisk kunst og brukskunst.

I tilråding om fordeling av løyvinga for 1970 sette Rådet av kr. 30 000 til kjøp av samisk kunst og brukskunst. Eit utval er sett ned til å stå for desse kjøpa og gi tilråding om seinare plassering av kjøpte kunstverk. Sjå kap. I, Utval og utgreiingar.

Utvalet kom i gang med arbeidet i oktober 1970, då heile utvalet vitja Indre Finnmark, og hadde første møte i Karasjok ungdomsskole. Til Kautokeino ungdomsskole vart avsett kr. 15 000, og til Karasjok skolesentrums kr. 10 000.

4. Stønad til debuterande kunstnarar.

Kunstnarar som berre svært lite har vore med på kollektive utstillingar og som skal ha si første separatutstilling, kan søkje om tilskott til dekking av materialutgifter. Styret for Materialfondet handsamar alle søkerne

og gir tilråding om tilskott bør bli gitt og kor stort tilskotet bør vere. Sjå retningslinene, vedlegg nr. 16 i årsmeldinga for 1969.

Denne stønadsordninga vart offentleggjort hausten 1968, etter at ei rad utstillingsinstitusjonar hadde sagt seg viljuge til å ta på seg det praktiske arbeidet som ordninga fører med seg. I 1968 søkte berre to kunstnarar om tilskott. I 1969 var talet på søkerne 8, og i 1970 søkte 14 kunstnarar om tilskott til dekking av materialutgifter i samband med debututstillingar.

Desse har fått tilskott i 1970:

Lise Stigen. Permanenten,	
Kunstnernes Hus	kr. 2 000
Borghild B. Tveiten. Unge Kunsteres Samfund	» 2 600
Gro Folkan. Kunstner forbundet ..	» 3 000
Sissel Vagard. Kunstner forbundet »	5 000
Anne Paus. Permanenten,	
Kunstnernes Hus	» 2 800
Bente Tønnesen. Unge Kunsteres Samfund	» 4 200
Jan Baker. Kunstner forbundet ..	» 2 600
Inger Lampe Søholt. Permanenten,	
Kunstnernes Hus	» 3 000
Solveig Lohne. Unge Kunsteres Samfund	» 3 000
Conny Andersen. Unge Kunsteres Samfund	» 2 600
Ulf Valde Jensen. Hammarlunds kunsthandel	» 4 000
Bjarne Holst. Unge Kunsteres Samfund	» 2 500
Bjørn Carlsen. Kunstner forbundet »	4 000
Ase Lysholm. Permanenten,	
Kunstnernes Hus	» 3 000

Til saman kr. 44 300

I tilråding om fordeling av løyvinga for 1970 sette Rådet av kr. 30 000 til stønad for debuterande kunstnarar. Overskridingen, kr. 14 300, er dekt frå avsetjinga til Andre formål, sjå side 38.

5. Tilskott til utstillingar og andre eingongstiltak.

Desse tilskotta er gitt:	
Folkeakademienes Landsforbund.	
Vandreutstillinga «Bedre bruks-ting»	kr. 25 000
Statens Kunstabakademi. Supple- rande undervisningsmateriell ..	» 15 000
Galleri 15. Seminar om biletkunst »	4 750
Oslo Kunstforening. Administra- sjon og lagring av norsk sam- tidskunst	» 18 000
Stiklestadnemnda. Monument over Olav Haraldson, laga av Dyre Vaa	» 50 000

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Linge-komitéen. Monument over allierte soldatar som fall under Måløy-raidet, laga av Ståle Kyllingstad	» 15 000	Nasjonalgalleriet. Kjøp av 8 stikk fra G. B. Piranesis serie «Carceri»	» 17 625
Nemnda for folkemusikk i Valdres. Monument over Olav Moe, laga av Gunnar Rørhus	» 5 000	Nasjonalgalleriet. Kjøp av 3 tresnitt fra Albrecht Dürers illustrasjoner til Apokalypsen	» 14 000
Ingebrigts Vik Museum. Bronsestøyping av gipsfigurar	» 15 000	Unge Kunstneres Samfund. Debattkveld i Kunstnernes Hus i samband med vårutstillinga 1970	» 2 000
Dreyers Forlag. Bokverk om Th. Kittelsen	» 35 000	Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet. Dekking av transportutgifter i samband med deltaking på Biennalen i Venezia 1970	» 30 000
Dønna Menighetsråd. Relieff av biskop A. Chr. Bang, laga av Anund Hovde	» 3 000	Galleri F 15. Jean Heiberg-utstilling	» 5 000
Lillehammer og Fåberg Folkeboksamling. Byste av Sigrid Undset, laga av Steinar Sandvig	» 4 000	Riksgalleriet. Kjøp av skulptur av Arnold Haukeland og målarstykke av Johs. Rian	» 19 467
Drammens Kunstforening. Målarstykke av Henrik Sørensen	» 14 000	Tromsø Kunstforening. Seminar i Harstad for drøfting av felles tiltak for kunstforeningane i Nord-Noreg	» 5 000
Komitén for reising av minnestein over Gerhard Schøning. Bronserelieff laga av Knut Skinnarland	» 1 500	Universitetet i Bergen. Byste over Armauer Hansen, laga av Eilif Mikkelsen	» 18 000
Lillehammer Bys Malerisamling. Målarstykke av Kristen Holbø og skisser av I. C. Dahl	» 21 000	Komitén for reising av monument over prof. Peter Waage, Flekkefjord. Monumentet er laga av Ingemand Berulvson	» 15 000
Komitén for reising av byste over Arnulf Øverland. Bysta er laga av Joseph Grimeland	» 8 000	H. Aschehoug & Co. Illustrasjoner til boka «Kjørekaren» av Ingeborg Refling Hagen	» 6 000
Rana Kunstforening. Målarstykke av Håkon Bleken	» 5 000	Bodø Kunstforening. 25. nordnorske kunstutstilling	» 2 250
Trondhjems Kunstforening. 2 målarstykker av Peder Balke ..	» 7 000	Kunst i Skolen. Kjøp av skulpturar	» 20 000
Kunstskolen i Trondhjem. Kjøp av grafikkutstyr	» 3 500	Unge Kunstneres Samfund. Utstilling i Stavanger kunstforening	» 28 200
Risør Malerklubb. Alfred Seland-utstilling	» 2 000	Vinje kommune. Monument over A. O. Vinje, laga av Knut Skinnarland	» 30 000
Bergen Kommunes Kunstsamlinger. Mosaikkrelieff av Sigurd Winge	» 20 000	Hedemarken Fogderiforening. «Arbeidshestens monument», laga av Skule Waksvik	» 30 000
Noregs Boklag. Bokillustrasjoner til «Dølen»	» 5 000	Oslo Kunstforening. Utstillinga «Matisse-elevene — ekspresjonismens gjennombrudd i Norge»	» 27 000
Norske Grafikere. Utgåing av bok om norsk grafikk	» 11 000	Kunstnargruppa «Visuelt 70». Katalog	» 15 000
Svor-museet. Illustrasjoner til brosjyra «Tale i Svor-museet» av Francis Bull	» 8 000	Til saman	kr. 636 992
Finnegårdskretsen, Bergen. Utstilling av biletvev	» 10 000		
Ørpen-monumentkomitéen. Monument over Truls Ørpen laga av Erling Saatvedt	» 20 000		
Sandefjord Kunstforening. Grafikk-seminar	» 4 700		
Nordenfjeldske kunstindustrimuseum. Minneutstilling over Hanna Ryggen	» 7 000		
Trondhjems Kunstforening. Utstilling av kunstverk frå 15 norske biletkunstnarar	» 15 000		

6. Materialfond for biletkunstnarar.

Styret for Materialfondet har i 1970 handssama 47 søknader om lån (1969: 40 søknader). Etter tilråding frå styret har Rådet gitt 35 søkerar lånetilsegner på til saman kr. 282 100.

Til støying av skulpturar har 13 bilethoggar fått låne kr. 141 960, medan kr. 140 140 er lånt til 22 målarar, grafikarar og tekstilkunstnarar.

I åra 1966—70 har Rådet gitt i alt 143 kunstnarar lånetilsegner på til saman kr. 1 341 946. Av denne lånesummen har kr. 972 253 gått med til å dekkje støypeutgifter til bilethoggjarar og kr. 369 693 er lånt til målarar, grafikarar og tekstilkunstnarar.

Rådet viser til statuttane for Materialfondet (sjå årsmelding 1965, vedlegg nr. 2) der det heiter at lån skal betalast attende når kunstverket blir selt, med eit tillegg på 5 prosent av lånesummen. Inntil sal står kunstverket som garanti for lånet. I 1970 har 9 låntakarar betalt attende lån på til saman kr. 47 100.

Rekneskapsoversyn for Materialfondet 1966—70:

	Avset-jingar	Lånetil-segner	Utbeta-lingar	Betalt attende
1965	300 000	—	—	—
1966	200 000	160 875	54 525	0
1967	0	243 095	223 910	0
1968	300 000	349 076	192 367	31 400
1969	200 000	306 800	299 800	28 000
1970	200 000	282 100	266 164	47 100
	1 200 000	1 341 946	1 036 766	106 500

Av lånetilsegner gitt i åra 1966—69 har styret for Materialfondet fått melding om at kr. 64 700 ikkje vil bli brukt av søkjavar som anten har fått for stort lån eller som ikkje ønskjer å gjere ferdig kunstverket som dei har fått lånestønad til. Summen av effektive lånetilsegner er soleis kr. 64 700 mindre enn nemnt i rekneskapsoversynet.

Utlån av Munch-grafikk.

Som nemnt i årsmeldinga for 1969 har Rådet gått med på å stille garanti mot skader ved deponering av 200 blad Munch-grafikk frå Oslo Kommunes Kunstsamlinger. Munchmuseet samarbeider med Riksgalleriet når det gjeld tildeling av Munch-grafikk til plassering i lokale brannsikre kulturygg i Noreg.

Garantiavtala er gjort for ein periode av 3 år. Dei første deponeringane av Munch-grafikk fekk Mo i Rana og Alta. Til dei permanente utstillingane til Riksgalleriet i Rana Bygdemuseum og Biblioteket i Alta vart i februar 1970 lånt til saman 16 grafiske blad. I september 1970 vart det deponert i Trondheim Kunstforening 23 og i Tromsø Museum 35 blad Munch-grafikk. For 1971 er førebels planar om deponering av Munch-grafikk i Stavanger og Lillehammer.

FILM

Ved Kgl. res. av 27. februar vart avsett kr. 500 000, delt slik:	
Til fri kunstnarleg kortfilm	kr. 250 000
Til andre filmtiltak	» 250 000
Til saman	kr. 500 000

I alt kom det i 1970 inn 19 søknader (i 1969 37) med ein samla søknadssum på kr. 882 065 (1969 kr. 2 297 935). Av desse 19 søknadene galdt 12 tilskott av avsetjinga til film i 1971.

Fri kunstnarleg kortfilm.

Dei avsette midlane vart våren 1970 delt slik:

Bredo Greve: Måken	kr. 45 000
Kåre Bergstrøm: Hver dag	» 30 000
Elan-film ved Jahn Sigurd Collet: Somebody to love	» 9 600
Centralfilm ved Dagmar Larsen: Tyven	» 46 000
Bjørn Breigutu: Sunn fornuft	» 26 000
Tor M. Torstad: Badekar	» 22 000
Oddvar Einarsson: Kilroy, ferdiggjering	» 24 000
Ivar Kalleberg: Den uskyldige (Little Eliza)	» 38 000
Responsfilm ved Roar Skolmen: Golgata	» 27 000
	kr. 267 600

Overskridinga på denne avsetjinga, kr. 17 600, vart dekt av udisponerte midlar frå 1969, jfr. årsmelding 1969. Rådet har i åra 1965—70 gitt tilskott til i alt 29 kortfilmar. Til tre filmframstyringar på Høvikodden, 17., 22. og 30. november var 19 av desse framstyringsklare. I tilråding om fordeling av midlar frå Norsk kulturfond for 1970 hadde Rådet sagt frå om at dersom det blant filmane skulle vere eit klårt talentfullt arbeid, ville Rådet bruke kr. 50 000 til tilskott til vedkommande filmkunstnar til ein ny produksjon utan førehandsvurdering. Rådet minte om at ei av innvendingane mot tilskottssystemet var det lange tidsromet som gjekk frå idéen blir lagt fram og til avgjerd om tilskott ligg føre. Ved eit slik tiltak ville det bli mogeleg for ein filmskapar som har vist talent å få arbeide med ein «spontan» produksjon. Etter tilråding frå ein jury på tre medlemmer: pressesekretær Per Hovdenak (oppnemnd av Norsk kulturråd), formann, filmprodusent Rolf Clemens, (oppnemnd av Norske Filmprodusenteres Forening), og filmprodusent Ola Solum (oppnemnd av Norsk Filmforbund), vart to slike tilskott, kvart på kr. 30 000, gitt til:

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Filmprodusent Gunnar Syversen for filmen «Komposisjon».

Filmprodusent Anja Breien for filmen «17. mai — en film om ritualer».

Planane for dei nye filmane desse to skal lage, skal ikkje leggjast fram til godkjennning, men elles gjeld fastsette reglar:

- Filmproduksjonen skal vere i gang seinast 5 månader etter tildelinga er gitt og klår til framsyning seinast 12 månader etter det.
- Framdriftsplan og kalkyle skal sendast inn til Norsk kulturfond før ein betalar ut noko av summen.
- Kulturrådet kan betale ut ein halvdel når arbeidet kjem i gang, ein firedel når filmen er ferdig til klipping og den siste firedelen når filmen er klår til vising.

Andre filmtiltak.

Rådet har gitt desse tilskotta:

Caprino Filmcenter: Til utstyr
for dokkefilm kr. 202 000
Til opplæring av filmkunstnarar
som vil arbeide med dokkefilm » 58 000

Rådet nyttar restsummen av løvinga fra 1969, kr. 154 000 til dette tiltaket, og tok kr. 105 600 av avsetjinga 1970.

Per Høst, film frå samemiljø .. kr. 100 000

Av desse kr. 100 000 vart kr. 5 600 dekt av midlar til generell råvelde (sjå nedanfor, Andre formål, side 39).

Produksjonspremiar til fri
kunstnarleg kortfilm, ferdigpro-
dusert 1970 kr. 60 000
(kr. 10 000 vart dekt av midlar til generell
disposisjon (sjå Andre formål, side 39).

Rekneskapen for dei kr. 250 000 som i 1970 vart sett av til Andre filmtiltak blir såleis:
Caprino Filmcenter kr. 105 600
Per Høst: Film om samemiljø .. » 94 400
Produksjonspremiar » 50 000

Til saman kr. 250 000

Av midlar til generell disposisjon (sjå Andre formål) har cand. philol. Lars Thomas Braaten fått kr. 4 000 til vidaregåande filmstudiar i London hausten 1970. Ein søknad frå Gylden-
dal Norsk Forlag om tilskott til utgiving av hovudoppgåva til Braaten, ei bok om film, vil bli handsama av Rådet på nyåret 1971.

Etter oppmoding frå Norsk filmråd vart det 12. oktober møte mellom Filmrådet og representantar for Norsk kulturråd, til drøfting av filmtiltak som kunne få tilskott frå Norsk kulturfond. Filmrådet sa seg leie for det som Norsk kulturråd hadde sagt i årsmeldinga for 1969 i kap. Koordinering med statsbudsjettet, om tilhøva mellom Norsk kulturfond og stats-
budsjettet når det gjeld film (s. 12). Kultur-

rådet seier der at det framleis meiner at kulturfondsmidlar bør kunne nyttast til ein-skilde større oppgåver, men at det vil ta opp til drøfting om tilskott til fri kunstnarleg kortfilm, som sidan 1965 har vore på programmet i Kulturrådet, no naturleg bør gå over til departementet. Filmrådet meinte det hadde mykje å seie at film offisielt låg innafor interesseområdet i Norsk kulturfond, som ei kulturoppgåve.

Representantar for Norsk kulturråd peikte på at det ofte var vanskeleg å dra klare liner mellom fri kunstnarleg kortfilm og annan kortfilm, og at årvisse tilskott til film eller vanleg jurytilråding naturleg høyrd heime innafor departementets stønadsordningar. Men så lenge departementet ikkje hadde funne det mogeleg å auke løvinga til kortfilm (kap. 358), ville ikkje Norsk kulturråd skjere bort denne avsetjinga. Norsk filmråd og Kulturrådet vil kome attende til desse spørsmåla når tilråding frå Filmrådet om tilskottsordninga for norsk film ligg føre.

Rådet har avslått ein søknad fra Norsk film- og TV-union om tilskott til å opprette eit fond, der rentene skal nyttast til pris til ein filmjournalist. Kyrkje- og undervisningsdepartementet har avslått ein tilsvarande søknad.

KULTURVERN

I alt kom i 1970 inn 177 søknader (1969: 173) med ein samla søknadssum på kr. 6 179 152 (i 1969: kr. 14 103 011). 23 av søkerne nemnde ikkje søknadssum. I dette talet er ikkje medrekna eit oversyn frå Riksantikvaren som gjeld 183 prosjekt med om lag kr. 11 000 000 som søknadssum. Søknader om større tilskott til nybygg ved musea, større ombyggings- eller innreiingsarbeid er hand-
sama under kulturbygging, og registrerte der.

Ved Kgl. resolusjon av 27. februar 1970 vart i alt avsett 2,5 millionar kroner til kulturvern tiltak med denne fordelinga:

*Spesifiserte tiltak:**a. Tiltak ved kulturhistoriske musé.*

Nordland Fylkesmuseum, oppset- jing av 8 gamle bygningar	kr. 75 000
Voss Folkemuseum, kjøp av Nes- heimtunet	» 85 000
Tingvoll Museum, restaurering av skolehus og kjøp av tømmer- hytte	» 60 000
Universitetet i Bergen, Historisk Museum, kjøp av samling av teaterfigurar frå Java	» 80 000

Til saman kr. 300 000

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Nordland Fylkesmuseum. Oppføring av 8 gamle bygningar. Musétomta ved Bodøsjøen er ei gammal hamn med tufter etter sjøhus, jektesett og båtstø. Det er viktig å berge dei særlege hustypane i Nordland. Arbeidet er vel tilrettelagt og kostnadsoverslaget nøkternt.

Voss Folkemuseum. Kjøp av Nesheimtunet. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer seier at Nesheimtunet har like stort antikvarisk verdi som Mølstertunet, Voss. Den lokale innsatsen er kr. 125 000. Rådet løyvde kr. 85 000. (Halvparten av kjøpesummen, kr. 35 000 og kr. 50 000 til istrøstjing.)

Tingvoll Museum. Skolehuset på Bugges Minde. Tingvoll har fine antikvariske kvalitetar og vil gå inn som ein del av Tingvoll Museum. Rådet løyvde kr. 50 000 til flytting av skolehuset, og kr. 10 000 til kjøp av tømmerhytte for å trygge muséområdet mot private hytteeigarar.

Universitetet i Bergen. Historisk Museum fekk tilbod om ei samling teaterfigurar frå Java, for kr. 100 000. Samlinga blir rekna som særverdfull og er eit fint kjelde tilfang for studiar av asiatisk kunst. Samlinga vil òg bli brukt i undervisning i teatervitenskap.

b. Tiltak for berging av kulturhistorisk verdsfulle hus, anlegg og miljø.

Stiftelsen Bryggen, Bergen, ein-gongstilskott (godkjent ved Kgl. res. 30. januar 1970)	kr. 150 000
Borgund og Urnes stavkyrkjer, avsluttande tilskott til brannsikring	» 95 000
Laurvigs Hospital, Larvik, reparasjonar	» 50 000
Agatunet, Hardanger, restaurering	» 50 000
Til saman	kr. 345 000

Stiftelsen Bryggen, Bergen. Restaureringsarbeidet held fram med arbeidarar og arkitektar. Rådet har gitt tilsegn om ei løying på kr. 95 000 for 1971 til innreiing av atelier og verkstader som ei mellombels oppgåve for den arbeidsstokken som nå er spesialisert for restaureringsarbeid ved Bryggen i Bergen.

Borgund og Urnes stavkyrkjer. Rådet løyvde kr. 260 000 i 1968 og kr. 145 000 i 1969 til brannsikring av Borgund og Urnes stavkyrkjer. Arbeidet vart dyrare enn rekna med på førehand. Arbeidet er no avslutta.

Laurvigs Hospital, Larvik. Eigaaren av dette anlegget, eit stort einetasjes

freda murhus frå 1762, er ein stiftelse utan midlar til store og turvande takreparasjonar som måtte setjast i gang.

A g a t u n e t, H a r d a n g e r. Her trengst framleis restaurering og tiltak mot husbukk. Rådet løyvde kr. 100 000 i 1969 og kr. 50 000 i 1970. Stiftelsen Agatunet har søkt om tilskott for 1971 òg.

c. Andre spesifiserte tiltak.

Det Norske Samlaget, «Norske folkedrakter sett med kunstnarauge». Johannes Flintoes folkedraktakvarellar	kr. 60 000
Selskapet Skonnerten «Svanen» (tilsegn gitt 1969)	» 50 000
Til saman	kr. 110 000

Det Norske Samlaget arbeider med ein serie på 5 band om «Norske folkedrakter sett med kunstnarauge». Kvart band vil kunne stå for seg sjølv. (Konservator Ågot Noss, Norsk Folkemuseum, har skrive manuskript til første band, om Johannes Flintoes folkedraktakvarellar, med innleiring og kommentar.)

Rådet har berre tatt standpunkt til tilskott til første band i serien.

Selskapet Skonnerten «Svanen». Norsk kulturråd har gitt tilsegn om til saman kr. 150 000, delt over 3 år, dei første kr. 50 000 i 1970.

Det er gjort eit stort dugnadsarbeid og gitt store lokale tilskott. Båten skal brukast som øvingsskip for Kristiansand Navigasjonsskole og til organiserte fritidssyslar for ungdom i distriktet.

d. Fornminnetiltak.

Rehaugane, Rogaland, gravfelt, restaurering, flytting av skjemmande hus	kr. 50 000
Hovshaugane, Sogn og Fjordane, sikring av gravfelt, kjøp av grunn	» 50 000
Bogge, Møre og Romsdal, helleristningsfelt, kjøp av grunn	» 35 000
Leiknes, Nordland, helleristningsfelt, kjøp av grunn	» 35 000
Lunde, Lista, Vest-Agder, gravfelt, kjøp av grunn	» 8 000
Istrehaugen, Vestfold, steinsetjingar, gravfelt, kjøp av grunn	» 42 000
Til saman	kr. 220 000
Fornminneinspektør (engasjement 1970)	kr. 75 500

Dei tilskotta som er gitt, er i samsvar med tilråding og prioritering frå Fornminneutvalet. Engasjement av fornminneinspektør vart starta som ei prøveordning frå 1. juli 1968. Fornminneutvalet sökte om å få stillinga over på statsbudsjettet for 1970 og 1971. Av di Lova om fornminne var under revisjon, ville Kyrkje- og undervisningsdepartementet utsetje saka til lova var revidert. Rådet meiner det ville vere særeruheldig om det viktige arbeid fornminneinspektøren gjer, måtte avbrytast, og har gitt tilsegn om tilskott til stillinga for 1971.

I brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 2. juli 1970 minner Rådet om at prøveordninga ved utgangen av 1971 har vart i $3\frac{1}{2}$ år, og peikar på at framlegg til revisjon av Lov om fornminne no er lagt fram i departementet.

e. Konserveringstiltak.

Trondenes kyrkje, konservering av altarskåp	kr. 55 000
Moster gamle kyrkje, restaurering av kalk-målarstykke	» 40 000
Til saman	<u>kr. 95 000</u>

Trondenes kyrkje. Altarskåpa i kyrkja er no i så dårlig stand at full konservering må til om ikkje umissande verdiar skal gå tapt. Rådet har før gitt kr. 20 000, som er brukt til installasjon av fukteanlegg i kyrkja. Sjølve konserveringsarbeidet er no i gang.

Moster gamle kyrkje. Det er væte og soppdanning i kyrkja, og det er fåre for skade på dei gamle kalkmålarstykkja. Løyvinga har gjort det mogleg å setje i gang turvande førebuande uttørkings- og konserveringstiltak i kyrkja.

Avsetjingar til ikkje spesifiserte føremål.

Resten av kulturvernmidlane vedtok Rådet å avsette til dei ulike område, fordelt slik:

1. Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr. 433 000
2. Berging av kulturhistorisk verdifulle hus, anlegg og miljø »	500 000
3. Lokalhistorie	» 150 000
4. Konserveringstiltak	» 55 000
5. Til rådvelde til andre tiltak »	216 500

Til saman	<u>kr. 2 500 000</u>
-----------------	----------------------

1. Omframtiltak ved kulturhistoriske musé.

Desse har fått tilskott i 1970:

Rjukan og Tinn Museum, restaurering av hovudbygning	kr. 25 000
---	------------

Trondhjems Sjøfartsmuseum, restaurering av «Slaveriet» (tilsegn 1969)	» 25 000
Hallingdal Folkemuseum, kjøp av tomt med hus	» 16 000
Holmestrand Museum, restaureringsarbeid	» 10 000
Verdal Museum, flytting av husmannsplass	» 20 000
Steinkjer Museum, restaurering av Klæbustua	» 6 900
Dalane Landbruksmuseum, reparasjon av landbruksavdelinga ..	» 10 000
Lårdal Bygdemuseum, istandsettjing av bekkekvern	» 6 000
Lista Museum, omframtid vedlikehald av bygningen	» 17 700
Moss og Omegns Museumslag, reparasjon av låvetak, Rabekk De Samiske Samlinger, kjøp av ting til samlingane	» 20 000
Tørgstad Bygdemuseum, flytting og oppsetjing av uthus frå husmannsplass	» 10 000
Rollag Bygdetun, oppsetjing av tun	» 10 000
Sunnhordland Folkemuseum, flytting av skolehus	» 26 000
Stordal Museumsnemnd, flytting av Løsetstova	» 40 000
Andøy museum, naust til fembøring	» 10 000
Tromsø Museum, oppsetjing av to kanonar	» 8 400
Rogaland Folkemuseum, istandsettjing av bygningar på Vigatunet i Hjelmeland	» 23 000
Varteig Museum, reparasjon av museet	» 10 000
Vefsn Bygdesamling, flytting og restaurering av Skulsveinstua ..	» 11 000
Larvik Sjøfartsmuseum, kjøp av glasmontrar	» 2 500
Toten Museum, oppsetjing av bygningar og innreiing av brannsikkert rom	» 30 000
Odalstunet, 1) oppsetjing av aneks og 2) innreiing av 2. etasje i annan bygning	» 10 000
Ivar Aasen-museet, innreiingsarbeid	» 20 000
Grytøy Bygdetun, reparasjon av tak	» 6 000
Rørosmuseet, istandsettjing av Peder Hiorts kapell	» 8 000
Lands Museum, berging av Tomlebygningen	» 31 500
Ikkje disponert	» 10 000
Til saman	<u>kr. 433 000</u>

Norsk kulturfond — Arsmelding 1970.

2. Restaurering og istandsetjing av kulturhistorisk verdfulle hus og anlegg.

A/S Gamle Svinesund, restaureringsarbeid	kr. 50 000
Akerøy Fort, meir restaureringsarbeid	» 20 000
Kongsberg Arbeidersamfund .	» 100 000
Gulskogen, Drammen, restaurering av antikvarisk verfull bygning	» 20 000
Spinnerigården, Son, freda hovudbygning, reparert og innreidd for brukskunstnarar ..	» 20 000
Gamle Fredrikstad Miljøvern, berging av «Balakleiva»	» 20 000
Egeland Verk, restaurering av arbeidarbustader	» 35 000
Damsgård, Laksevåg, istandsetjing av uthus	» 20 000
Lid i Suldal, Rogaland, gammalt tun, trygging av vedlikehald og drift	» 40 000
Loshavn Fortidsvern, berging av antikvarisk verdfullt kysthamnmiljø	» 20 000
«Hauges Minde», restaurering Lands Museum, Tomlebygningen, berging av gammal skyssstasjon	» 5 000
(+ kr. 31 500 til Tomlebygningen av avsetjing til kulturhistoriske musé).	
Heggedal Hovedgård, Asker .	» 100 000
Elvegården, Drammen	» 30 000 ¹⁾
Til saman	kr. 500 000

Dessutan er gitt tilsegn for 1971:

Stiftelsen Bryggen, Bergen, innreiing av atelier og verkstad ..	kr. 95 000
Kongsberg Arbeidersamfund, Kongsberg, berging av bygningen og den gamle arbeidersamfunnssalen	» 150 000
Modum Blåfargeverk, restaurering over fleire år	» 230 000
Kongsvinger Festning, freding av grunn ikring festningen	» 200 000

3. Lokalhistorisk arbeid.

Søknadene om tilskott til lokalhistorisk arbeid blir vurderte av eit sakkunnig utval, sjá Kap. I, Utval og utgreningar. Av avsetjinga på kr. 150 000 er desse tilskotta gitt:

Norsk Lokalhistorisk Institutt, til Norsk Historisk Leksikon .. kr. 58 700

¹⁾ Tiltaket blir ikkje realisert. Avsetjinga for 1970 kr. 30 000 og løyvinga for 1969, kr. 20 000, vil gå attende til fondet.

Årbok for Glåmdalen	» 5 000
Valdres historielag, til «Årbok for Valdres»	» 3 000
Hallingdal historielag, til «Dølaminne»	» 3 000
Romerike historielag, til jubileumsskrift/årbok	» 5 000
«Håløygminne»	» 3 000
Trondhjems Historiske Forening, til «Trondhjemske Samlinger» .	» 3 000
Samnemnda for lokalhistorisk gransking i Nidaros Bispedøme, utgiving av «Jordebok for Nordmøre 1661»	» 6 000
Fosen Historielag, utgiving av Audun Dybdal: «Reins kloster»	» 3 000
Noregs lærarhøgskole, Historisk institutt, trøndsk/jemtsk historikarmøte i Östersund, mai 1970	» 1 500
Felleshistoria for Vesterålen og Lofoten, avsluttande løyving til del I (kr. 28 000 løyvd i 1968) ..	» 20 000
Raumnes historielag, avsluttande løyving til kulturhistorisk registrering (reiskap og innbu). (Kr. 5 000 løyvd i 1968)	» 5 000
Agder historielag, registrering av vrak og innsamling av munnleg tradisjonsstoff langs Sørlandskysten ved Hartvig Dannevig	» 25 000
Gudbrandsdal historielag, kurs i lokalhistorie	» 2 000
Cand. philol. Randi Bjørkvik, dobbelkurs i lokalhistorie på Gran og Jevnaker, Hadeland ..	» 6 800

Til saman

kr. 150 000

Utvalet tek sikte på å skipe til eit seminar for redaktørar av lokalhistoriske årbøker, og vonar gjennom dette kurset at ein kan hjelpe til med å få betre kvalitet i årbøkene. Etter planen vil eit slikt seminar bli halde våren 1971, truleg i april.

Det er ein tydeleg auke i talet på søknader på dette området, ettersom fleire får kjennskap til at Kulturrådet no gir tilskott til lokalhistorisk arbeid.

4. Konserveringstiltak.

Sør-Varanger kommune, konservering av ikonane i Neiden, tilleggsøyving	kr. 5 328
Tromsø Museum, transport av ikonane	» 738
Ringsaker kyrkje, konservering av altarskåp	» 15 000 ²⁾

²⁾ Dessutan er kr. 20 000 gitt som tilsegn for 1971.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Svarstad Menighetsråd, konser-		Norsk Veteranskibsklub, re-
vering av «Haveteppet»	» 5 000	staurering og vedlikehald av
Larvik Sjøfartsmuseum, konser-		D/S «Børøysund»
vering av målarstykke	» 2 000	» 30 000
Gimle gård, frk. Titti Arenfeldt-		Historisk Museum, Universite-
Omdal, konservering av målar-		tet i Bergen, utgreiingsarbeid
stykke	» 6 000	om konserveringsatelier, «År-
Steigen Menighetsråd, konserve-		stadvold-planen», inntil
ring av messehagel	» 1 000	» 15 000
Marinemuseet, Horten, konserve-		Riksantikvaren: Teknisk ut-
ring av målarstykke	» 1 000	styr til Riksantikvarens Vest-
Kunstindustrimuseet, Oslo, kon-		landsatelier
servering av tapisseri	» 12 314 ¹⁾	» 20 000
Vest-Agder Fylkesmuseum, kon-		Sør-Samiske Samlinger, Snåsa,
servering av portrett og altar-		omframtiltak
table	» 6 600	» 10 000
Til saman	kr. 55 000	Til saman
		kr. 217 000 ²⁾

5. Til disposisjon til andre kulturverntiltak.		
Konservator Martha Regine		
Horne Smith, studiar i Tysk-		
land	kr. 4 500	
Konservator Povl Simonsen,		
utgiving av boka Fortidsmin-		
nner nord for Polarsirkelen ..	» 10 000	
Konservatorelev Lars Kristian		
Hauglid, studiar av konserve-		
ring av kalk-målarstykke	» 3 500	
Fylkeskonservatoren i Aust-		
Agder, arkitekturhistorisk re-		
gistrering i Risør	» 5 000	
Registrering av bygningar ved		
norske friluftsmusé, førebuan-		
de arbeid	» 5 000	
Vestnes kulturvernråd, restau-		
rering av Vestnes gamle bru	» 20 000	
Vestnes kulturvernråd, til-		
legsløyving	» 6 000	
Riksantikvaren, til Norske		
Minnesmerke, ei bok om Jarls-		
berg	» 20 000	
Universitetets Oldsaksamling,		
kjøp av drukkehorn frå Tele-		
mark (om lag år 1350)	» 42 000	
Erling Nicolaysen, gransking		
av kvernsteinbrott i Brønnøy		
commune	» 5 000	
Moss Museum, flytting av		
Støtvigbygningen	» 15 000	
Stiftelsen Bryggen, utgreiings-		
arbeid	» 6 000	

Vi viser òg til oversyn over tilskott til kulturvernformål av avsetjinga til Andre formål, sjå side 39, med til saman kr. 207 486.

9.—11. desember 1970 arrangerte Norsk kulturråd eit seminar på Kongsberg om registrering av faste kulturminne, under leiing av rådsformannen. Det var 42 deltararar frå desse institusjonane: Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Kommunal- og arbeidsdepartementet, Landbruksdepartementet, Riksantikariatet og Den antikvariske bygningsnemnd, Foreningen til norske Fortidssminnesmerkers Bevaring, Fornminneutvalet, Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer, Norges Byforbund, Norges Herredsforbund, Norges Landbrukskole, Universitetet i Trondheim (Norges Tekniske Høgskole), Institutt for by- og regionforskning, Landslaget for Bygde- og Byhistorie, NAVF, Bøndenes Bygningskontor, Norges Fylkeskonservatorlag, Vegdirektoratet, Norsk kommunalteknisk forening, Riksantikvarieämbetet, Sverige, Fortidsminnesforvaltningen, Danmark, Byggnadshistoriska Byrån, Finland, Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen, Norsk kulturråd.

Rapport frå seminaret vil bli trykt.

KULTURBYGG

I 1970 kom inn i alt 40 søknader (i 1969: 36 søknader) med ein samla søknadssum på om lag 38,5 mill. kroner. Som nemnt under Biletkunst og Kulturvern er søknader om større tilskott til innreiingar, reparasjonar og installering av lys- og lydanlegg rekna som

¹⁾ Kunstmuseet fekk tilskott på til saman kr. 30 000. Resten av tilskottet er tatt av avsetjing til Andre formål.

²⁾ Avsetjing til disposisjon til andre kulturverntiltak var kr. 216 500. Kr. 500 er overført frå avsetjinga til omframtiltak ved dei kulturhistoriske musé.

Norsk kulturfond — Arsmelding 1970.

b y g g e s a k e r og tekne med i denne talloppgåva.

Ved Kgl. res. 1970 vart desse tilskotta gitt:

De Samiske Samlinger i Karasjok,	
sluttløyving nybygg	kr. 1 000 000
Ringve Museum, sluttloevying ny-	
bygg	» 500 000
Hordaland Landbruksmuseum,	
avsetjing nybygg	» 600 000
Norsk Skogbruksmuseum,	
innreiningar	» 400 000
Norges Hjemmefrontmuseum,	
nybygg	» 500 000
Trondheim kommune, innreining	
av Bakke gård	» 150 000
Christianssand Teater,	
avsetjing nybygg	» 400 000
Riksteatret, stillverk	» 200 000
Sluttløyving til lysanlegg til dei	
offentleg støtta teatra	» 1 378 900
	kr. 5 128 900
Vidare vart avsett til prosjekt,	
forarbeid og til rådvelde til andre	
byggetiltak i året	» 971 100
Til saman	kr. 6 100 000

Merknader:

De Samiske Samlinger i Karasjok. Rådet har i 1969 sett av til saman kr. 800 000 til reising av nytt museumsbygg for De Samiske Samlinger. Byggjesummen er rekna til om lag 2 mill. kroner. Tekningane er lagt fram for Nord-Noreg-komitén i Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer som har gitt fråsegn om at byggjeplanen tar omsyn til krava til eit godt museumsbygg. Bygget vil være ferdig i 1971.

Ringve Museum. Rådet løyvde i 1969 kr. 200 000 til ombyggjing av den store driftsbygningen ved Ringve Museum. Byggjesummen er kalkulert til 3,6 mill. kroner. Museet har søkt om kr. 700 000 fra Kulturfondet. Resten av finansieringa er tenkt ordna gjennom pantelån på 2,6 mill. kroner og tilskott fra kommunen og fylket på kr. 300 000. Byggjeplanen er godkjend av Riksantikvaren, Den antikvariske bygningsnemnd og Trondheim bygningsråd. Byggjearbeidet vil ta til i mai 1971.

Hordaland Landbruksmuseum søkte i 1969 om kr. 600 000 fra Kulturfondet til reising av nytt museumsbygg, som er kalkulert til kr. 1 770 000. Elles er finansieringa tenkt ordna med tilskott frå Hordaland fylke (kr. 350 000), tilskott frå kommunar (kr. 515 000) og private institusjonar (kr. 305 000). Byggjeplanane er godkjende av Norske Kun-

og Kulturhistoriske Museer, som sterkt tilrådde løyving.

Norsk Skogbruksmuseum. Rådet løyvde i 1968 og 1969 til saman 1 mill. kroner til reising av nytt museumsbygg til 4,5 mill. kroner. Norsk Skogbruksmuseum har søkt om kr. 500 000 frå Kulturfondet til innreiling av nybygget. Søknaden vart lagt fram for Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer, som tilrådde løyving.

Norges Hjemmefrontmuseum søkte i 1969 om 1 mill. kroner til fullføring av byggjearbeida som har halde fram sidan 1966 i «Det dobbelte batteri» på Akershus. Bygningen har antikvarisk verdi, og ei omfattande restaurering er gjort i samarbeid med Riksantikvaren. Byggjearbeida er kalkulert til om lag 4,5 mill. kroner. I finansieringsplanen ligg tilsegner frå stat og private institusjonar på over 3 mill. kroner.

Bakke gård. Trondheim kommune søkte i 1969 om kr. 150 000 til innreiling av Bakke gård, som skal nyttast til atelier for bilet kunstnarar. Innreingsarbeida er kalkulert til kr. 250 000. Riksantikvaren har godkjent planane.

Christianssand Teater. Rådet har i åra 1967—68 sett av til saman kr. 600 000 til reising av eit teater-, konsert- og kinobygg i Kristiansand. Samstundes rådde Rådet kommunen til å undersøke om ei større tomt kunne skaffast, slik at ein kunne komme fram til ei betre planlysing. Dette har ikke lukkast, og Kristiansand kommune har vedtatt å reise nybygget på den gamle teatertomta. Rådet fastsette maksimumstilskottet frå Kulturfondet til dette byggetiltak til 1 mill. kroner.

Riksteatret søkte i 1969 om kr. 200 000 til kjøp av 4 nye stillverk til turnébruk. Rådet ser på denne saka som eit ekstrordinært tiltak på line med løyvingane til lysanlegg ved dei offentleg støtta teatra.

Sluttløyving til lysanlegg til dei offentleg støtta teatra.

Rådet meiner prinsipielt at ein ikkje kan sjå ei fornying av det tekniske utstyret o. a. som er naudsynt for drifta ved teatra, isolert frå den offentlege stønad til teaterdrifta. Desse utgiftene bør ein sjå i samanheng med budsjettet for teatra. Når Rådet likevel meinte det var rett å gje tilskott frå Kulturfondet til lysanlegg, var det avdi Rådet meinte tilhøva ved fleire teater var så prekar at det ikkje var råd å komme unnan snøgge investeringar.

Rådet har i åra 1967—69 sett av til saman kr. 4 031 800 til dekking av 75 prosent av utgiftene til lysanlegg til dei offentleg støtta teatra. Desse tilsegner er gitt:

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Nationaltheatret	kr. 1 883 700
Den Norske Opera	» 1 570 200
Det Norske Teatret	» 525 000
Den Nationale Scene	» 525 000
Trøndelag Teater	» 531 800
Rogaland Teater	» 375 000
Til saman	<u>kr. 5 410 700</u>

Avsetjing til andre byggjetiltak og prosjekt i 1970.

I samsvar med tilråding fra utvalet for byggjesaker har Rådet gitt desse tilskotta:	
Frysja Brukskunstsenter. Innreiling av verkstad	kr. 70 000
Trondhjems Kunstforening. Installasjon av lysanlegg	» 65 000
Tromsø Barneteater. Innreiling og reparasjoner i lokale til teatret	» 70 000
Kunstnernes Hus. Installasjon av lysanlegg. Omframlyvning	» 11 500
Bergens Kunstforening. Installasjon av lysanlegg. Omframlyving	» 14 000
Trøndelag Teater. Installasjon av lysanlegg. Omframlyving	» 28 000
Stiklestadnemnda. Kjøp av høgtalaranlegg	» 25 100
Mosjøen Kunstforening. Reparasjoner av lokale til utstillingsverksemد	» 25 000
Norske Grafikere. Innreiling av lokale	» 20 000
Storedal-anlegget. Installasjon av lydanlegg til teatret	» 40 000
Rana Bygdemuseum. Avsetjing til finansiering av 2. byggetrinn	» 250 000
Avsetjing til reising av kulturbrygg på landsbygda	» 300 000
Til saman	<u>kr. 918 600</u>

Tilskott til kulturbrygg på landsbygda.

I samband med avsetjinga på kr. 300 000 til reising av kulturbrygg på landsbygda, vedtok Rådet at desse retningslinene bør leggjast til grunn for tildeling av kulturfondsmidlar:

1. Støtte til samfunnshus på landsbygda, med vanlege samfunnshusfunksjonar, herunder vitjing av Riksteatret og Rikskonsertane, bør som tidlegare bli gitt av Kyrkje- og undervisningsdepartementet åleine, i samsvar med dei vanlege reglane for statstilskott til samfunnshus.

2. Dersom eit samfunnshus skal reisast, der ein tar sikte på ei meir ærgjerrig prosjektering i retning av eit kulturbrygg som skal dekke eit større behov for teater- og

musikkverksemd, kunstutstillingar og annan kulturaktivitet, bør det vere høve til å søkje Norsk kulturfond om tilskott til delvis dekking av dei ekstra kostnader som oppstår, i tillegg til vanleg støtte til samfunnshus gitt av Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Statens ungdoms- og idrettskontor.

3. I slike høve bør det vere Statens ungdoms- og idrettskontor som tar saka opp og sender framlegg til Norsk kulturråd ut frå det oversyn kontoret sit inne med over alle samfunnshus i landet.

4. Slike tilskott frå Norsk kulturfond bør også kunne bli gitt til større ombygging av eldre samfunnshus, med same målsetjing som under pkt. 2.

TIDSSKRIFT OG PERIODISKE PUBLIKASJONAR

I alt kom det i 1970 inn 26 søknader om tilskott til tidsskrift, med ein samla søknadssum på kr. 615 800. (1969: 21 søknader, sum kr. 530 500). I fire av søknadene var det ikkje nemnt nokon sum.

Ved Kgl. res. av 27. februar 1970 vart avsett kr. 400 000. I tilrådinga om fordeling av fondsmidlar tok Rådet berre med dei tidskrifta som utan tvil fell innanfor virkefeltet til Kulturfondet, og som difor i prinsippet, så sant dei elles fyller krava, bør kunne få årsvis stønad («Gruppe A»):

Kunst og Kultur	kr. 30 000
Kunsten Idag	» 40 000
Norsk Musikktidsskrift	» 10 000
Filmtidsskriftet Fant	» 20 000
Vinduet	» 25 000
	<u>kr. 125 000</u>

Vidare ble løyvd til Magasinet for Alle

» 120 000

Rådet vona at tilskottet skulle kunne berge Magasinet ut av krisa bladet hadde kome i. Rådet meiner bladet har gjort ein stor innsats gjennom åra for norsk skrive- og teiknekunst. Som det skulle vise seg, måtte Magasinet likevel gå inn ved nyttår 1971.

Med i tilrådinga til Kgl. res. var dessutan Nye Bonytt kr. 25 000 Tilskottet ble gitt som sluttlyvning (etter tidlegare tilskott i 1966—68), med sikte på at bladet skulle bli sjølvhjelpt frå 1970.

Til saman vart såleis ved Kgl. res. løyvd kr. 270 000 i tidsskriftstønad.

Spørsmålet om vidare stønad til dei allmennkulturelle tidsskrifta («Gruppe B») som før hadde fått tilskott frå Kulturfondet, vedtok Rådet å utsetje til prinsipiell debatt seinare. Etter ein utførleg diskusjon på rådmøte 17.—18. mars 1970 vedtok Rådet å gi

desse tilskotta til allmennkulturelle tids-	
skrift:	
Samtiden	kr. 20 000
Kirke og Kultur	» 20 000
Syn og Segn	» 20 000
Minervas kvartalskrift	» 15 000
Kontrast	» 15 000
Profil	» 5 000
Til saman	kr. 95 000

Fleirtalet av Rådet fann at Profil ikkje lenger hørde heime blant dei tidsskrifta som bør få stønad av Kulturfondet. Tilskottet på kr. 5 000, som vart gitt til delvis skadebot for utgifter i samband med at søknaden vart avgjort så seint, vart seinare etter ny søknad auka til kr. 8 000.

Bladet Kunst og Kunstnere, utgitt av Bilde- dende Kunstneres Styre, fekk kr. 20 000 til to nummer, jfr. årsmelding for 1969.

I alt har Rådet av dei avsette midlar til tidsskrift for 1970 nytta kr. 388 000.

Av midlar til rådvelde for litteratur (sjå Litteratur pkt. 13) er løyvd desse tilskotta til tidsskrift i samband med spesialnummer om kulturspørsmål:

Tidsskriftet Idé (Valo Forlag) .. kr. 5 000
Tidsskriftet Senit (Cultura Forlag) » 6 000
Tidsskriftet Norges Kvinner » 10 000

Bladet Nuorttanaste, utgitt på samisk av Frikirkens Finnmarkmisjon, og bladet Nordkalott, som også siktar på ein samisk lesarkrins, fekk kr. 20 000 kvar, av midlar avsett til samisk litteratur (jfr. Litteratur, pkt. 9).

Utvalet som er oppnemnd til å greie ut spørsmålet om periodiske publikasjonar på samisk — sjå årsmelding 1969 — vil venteleg kome med si tilråding i 1971. Om samansettinga av utvalet, sjå Kap. I, Utval og utgrei- ingar.

ANDRE FORMAL

Til generell disposisjon vart det ved Kgl. res. av 27. februar avsett kr. 700 000. I tillegg måtte Rådet i september 1970 føre over kr. 200 000 frå oppsparte midlar frå førre åra. Av desse gjekk kr. 105 000 til Rikskonsertane som tilleggsøyving hausten 1970.

I 1970 kom inn i alt 69 søknader med ein samla søknadssum på kr. 1 671 619. Men Rådet har måttå gi tilskott av denne avsetjinga til tiltak som har vore registrerte under andre grupper.

Norsk kulturråds ærespris blir dekt av denne posten. Utgifter til konferansar og seminar (i 1970 konferansen på Voksenåsen 12.—13. mai i samarbeid med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Utgreiings- og planleggingsavdelinga, om kartlegging av kultur-

aktivitetar, og konferansen på Kongsberg 9.—11. dessmber om registrering av faste kulturminne), blir også betalt frå denne avsetjinga. Midlane er nytta slik:

Musikk:	
Til orgel i St. Thomaskyrkja på Filefjell	kr. 25 000
Symfoniorkestret i Stavanger, til harpe	» 25 000
Den Norske Opera, turné i Nord-Noreg	» 35 000
Norsk Komponistforening, inspeling av Knut Nystedt: «Brennofferet»	» 30 000
Ålesund Symfoniorkester, jubileumskonsert (sjå også Kap. III, Musikk)	» 524
Elektronisk avspelingsutstyr, blir deponert i Rikskonsertane ..	10 000
Torkjell Haugeruds Minnefond, kurs i hardingfelespel	» 6 000
Rikskonsertane, tilleggsøyving ..	105 000
Musikk-konservatoriet, reise for komponistklassen til ISCM-festivalen i Warzawa	7 300
Arne Dørumsgaard, utgreiinga «Norsk musikk i faresonen» ..	3 000
Den norske Studentersangforening, jubileumskonsert	» 5 300
Til saman	kr. 252 624

Biletkunst og brukskunst.

Unge Kunstneres Samfund, sociologisk undersøking av arbeidsvilkåra for unge kunstnarar ..	kr. 30 000
AOF, studieboka «Edvard Munchs liv og kunst»	» 19 000
Målaren Lars Grunt m.fl., Bergen, utstilling for fleire kunstslag	» 15 000
Haukeland Sjukehus, Sjukepleieskolen, kunstnarleg utsmykking ..	» 60 000
Innrammingsutgifter for innkjøpte kunstverk	» 6 000
Riksgalleriet, kjøp av Arne Ekelands bilette «Kampen om produksjonsmidlene»	» 20 000
Trøndelag Teater, plakatkonkurranse for framsyning av Ibsens «Brand»	» 10 000
Narvik kunstforening, utstilling av polske teppe	» 2 500
Studieatelieret i Bergen, sveiseutstyr	» 4 300
Debututstillingar for kunstnarar ..	» 14 300
Til saman	kr. 181 100

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Kulturvern:

Riksarkivaren, registrering av seglsamling	kr. 20 000
Norsk Fotografforbund, registrering av kulturhistorisk verdifulle fotografi	» 30 000
Riksantikvaren, til «Norsk portrettarkiv»	» 40 000
Norsk Sjøfartsmuseum, utstillingsstand på utstillinga «Sjøen for alle 1971»	» 5 000
Frøstekonservator Per Gjerder, prentingstilskott til boka «Norske drikkekar av tre»	» 37 000
Skipsmeklar Egil Bjørn-Hansen, tilskott til delvis dekking av underskott på «Bygdebok for Dypvåg»	» 10 000
«Gamle Bergen», innreiling av magasin	» 47 800
Kunstindustrimuseet i Oslo, konservering av tekstilar (sjå øg Kap. III, Kulturvern)	» 17 686
Til saman	<u>kr. 207 486</u>

Teater og ballett:

Norsk Ballettforbund, kurs med utanlandske pedagogar	kr. 10 000
Farsund kulturutval, utstyr til barneteater	» 3 000
Festspela i Nord-Noreg, «Teatercirculum» 1970	» 15 000
Suttungteatret, framsyning ved 75-års-dagen til Ingeborg Refling Hagen	» 5 000
Festspela i Nord-Noreg, «Teatercirculum» 1971	» 15 000
Til saman	<u>kr. 48 000</u>

Seminar, kulturseminar, festivalar:

Samnemnda for amatørteaterarbeid, konferanse	kr. 5 189
Haldenfestivalen 1970, programinnslag	» 5 000
Norsk journalistskole, kurs under Festspela i Nord-Noreg	» 10 000
Time Mållag, Jærfestivalen 1970 ..	» 6 000
Vestlandske Teaterlag, amatørteaterseminar	» 10 000
Festspela i Nord-Noreg, kulturseminar	» 3 500

Borgund Mållag, kulturprogram under årsmøtet i Noregs Mållag ..	» 2 500
«Dikt og toner», Mandal, visefestival 1970	» 3 000
Vise- og lyrikkfestival i Haugesund	» 2 500
Trønderlaget, seminaret «Struktur og kultur»	» 6 500
Skoleteatret i Bergen, seminaret «Regionalkultur—rikskultur» ..	» 10 000
Riksteatret, Ibsenseminar 1971 ..	» 20 000
Kontaktrådet for Norske Kirkeakademier, seminar i 1971	» 15 000
Til saman	<u>kr. 99 189</u>

Tiltak for samisk kultur:

Per Høst, innsamling av filmmateriale om samemiljø (restløyving, sjå Kap. III, Film)	kr. 5 600
Anselm Jåma, innsamling av sør-samisk tradisjonsstoff	» 5 000
Per N. Joma, innsamling av sør-samiske sløydmønster	» 5 000
Nils O. Kappfjell, innsamling av sør-samisk tradisjonsstoff	» 3 000
Til saman	<u>kr. 18 600</u>

Film:

Cand. philol. Lars Thomas Braaten, vidaregåande filmstudiar i London	kr. 4 000
Tillegg til produksjonspremie for fri kunstnarleg kortfilm, sjå Kap. III, Film	» 10 000
Til saman	<u>kr. 14 000</u>

Eigne tiltak i Rådet:

Ærespris 1970	kr. 25 000
Konferanse i samarbeid med Kyrkle- og undervisningsdepartementet om kartlegging av kulturaktivitetar	» 25 000
Konferanse om registrering av faste kulturminne	» 18 408
Til saman	<u>kr. 68 408</u>
I alt til Andre formål	kr. 889 407

Norsk kulturfond — Årsmelding 1970.

Kap. IV. Administrasjon.

Ved utgangen av 1970 var personalet i administrasjonen:

- 1 administrerande direktør
- 1 konsulent i særklasse
- 1 konsulent II
- 2 førstesekretærar
- 1 sekretær I
- 1 bokhaldar/kasserar
- 3 fullmektigar/assistent.

Direktørstillinga er ei åremålsstilling. (Instruks for stillinga vart prenta som tillegg till årsmeldinga 1966. Dei andre 9 stillingane er i samsvar med stortingsvedtak 1. desember 1970, fast organiserte stillingar. Ei av førstesekretærstillingane vart fast frå 1. januar 1971, jfr. St. prp. nr. 1 for 1970—71, Kap. 379.

Rådet har engasjert ekstrahjelp på deltidstilte til hjelp for bokhaldar/kasserar. Ekstrahjelp har elles vore tilkalla gjennom Contact-Service, Manpower eller på annan måte.

Rådet har på nytt vendt seg til departementet med ei innitrengjande oppmoding om styrking av administrasjonen. Fyrst og fremst meiner Rådet det no er naudsynt å få ein kontorsjef, slik at direktøren for Norsk kulturfond kan bli avlasta noko for daglege kontorleidarfunksjonar, og ta seg meir av større oppgåver som planlegging, koordinering, innstillinger og utgreningar. Men det trengst også meir hjelp til handsaming av søknader og framlegg som kjem inn til Rådet. Vanleg søknadshandsaming aukar. Men like viktig er det at krava til Norsk kulturråd veks, når det gjeld planleggings- og rådgivningsverksemd. Fleire og fleire kommunar får no i gang kommunale kulturnemnder og arbeider med retningslinene for tilskott til kulturtiltak. Det same gjeld fleire fylke. Landsomfattande og lokale organisasjonar legg fram planar og ynskjemål. Kulturrådet er glad for desse vitnemåla om

aukande ansvarsjkjensle og interesse når det gjeld kulturell planlegging og samordning i kommunar, fylke og organisasjonar, men dette stiller også store krav til innsikt, røynsle og kunnskapar hjå administrasjonen, og til den kvantitative kapasiteten.

Rådet har for 1972 gjort framlegg om 2 nye stillingar: Ei stilling som kontorsjef og ei stilling som sakshandsamar. Jamvel om Rådet har fått ei ny slik stilling hausten 1970, meiner Rådet at dette framlegget er heller smålåtent, om ein ser det på bakgrunn av dei oppgåvene som Rådet burde ta for seg, etter dei retningslinene som vart dregne opp den gong Norsk kulturfond vart oppretta, og det Stortinget har gitt uttrykk for i dei årlege debattane.

Ved Kgl. res. av 27. februar 1970 vart avsett kr. 700 000 med denne fordelinga:

Løner	kr. 480 000
Inventar og utstyr	» 15 000
Andre utgifter	» 205 000
	<hr/> kr. 700 000

Pr. 31. desember 1970 var utbetalt:

Løner	kr. 464 990
Inventar og utstyr	» 27 897
Andre utgifter	» 212 108
Til saman	<hr/> kr. 704 995

For fyrste gongen har Norsk kulturråd brukt meir enn den avsette summen til administrasjon. Det heng først og fremst saman med at administrasjonen i april 1970 flytta til nye kontor i Rosenkrantzgt. 11, og hadde utgifter til oppussing, innreiing og innkjøp i samband med flyttinga. Husleiga i dei nye lokala er bortimot kr. 40 000 høgare enn i Colbiørnsens gt. 2.

Kap. V. Økonomisk samandrag.

	Budsjett	Disponert eller gitt tilskott
Litteratur: kr. 5 000 000.		
Innkjøpsordning og honorarrefusjon	3 000 000 ca.	3 305 200
Barne- og ungdomslitteratur	440 000	417 454
Eldre norsk litteratur	170 000	85 000
Essayistikk	100 000	63 500
Verdfulle omsetjingar	140 000	122 500
Arbeid for norsk litteratur i utlandet	90 000	48 735
Vidareutdanning av författarar	50 000	25 600
Ny norsk dramatikk	50 000	5 000
Litteraturprisar	40 000	25 000
Opplysningsarbeid for norsk litteratur	300 000	272 243
Nynorsk litteratur	300 000	300 000
Samisk litteratur	50 000	50 000
Til rådvelde	270 000	147 681
Attende til Fondet	ca.	132 087
	5 000 000	5 000 000

	Budsjett	Disponert eller gitt tilskott
Kjøp av samisk kunst og brukskunst		
Stønad til debuterande kunstnarar	30 000	30 000
Til rådvelde for utstillinger m. v.	640 000	636 992
Materialfondet	200 000	200 000
Attende til Fondet		2 508
	2 400 000	2 400 000
Film: kr. 500 000.		
Fri kunstnarleg kortfilm	250 000	267 600
Andre filmtiltak	250 000	250 000
Overskridning	17 600 ¹⁾	
	517 600	517 600

	Budsjett	Disponert eller gitt tilskott
Musikk: kr. 2 500 000.		
Tilskott gitt ved Kgl. res.:		
Rikskonsertane	1 650 000	1 650 000
Andre formål	195 000	195 000
Avsetjingar:		
Utgiving av musikk på plater, som noter m. v. .	215 000	215 000
Kjøp av instrument ..	140 000	140 000
Profesjonell instruksjon ..	40 000	40 000
